# Kystsogevekene 2013

10. august til 15. september



## Stormønstring av kystkultur i 22 kommunar

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

# Velkomen til Kystsogevekene 2013



I år blir Kystsogevekene arrangert for 17. gong, og sjølve opninga blir i frodige Lindås kommune.

Kystsogevekene har gradvis bygt seg opp til å bli ei stormønstring av kystkulturen vår og programmet vil også dette året innehalde kring 200 arrangement i dei 5-6 vekene tilstellingane går føre seg. Sidan Kvinnherad og Fusa kom med i mønstringa i fjor, er det no aktivitet i 22 kommunar desse vekene, frå Sveio i sør til Gulen i nord.

I år er det også stemmerettsjubileet for norske kvinner sin stemmerett, og det blir også spegla i Kystsogevekene sitt program. Derfor blir det mange arrangement med fokus på sterke kyst-kvinner og sentrale kvinneskikkelser i hele kystregionen vår.

Kystsogevekene vil alltid vere oppteken av å formidle kunnskap om mangfaldet i kystkulturen, og om kvalitet og eigenskapar ved ting som alltid har stått og framleis står sentralt for kystfolket. At Lindås vil bruke den offisielle opninga av Lindås sjøsluser som arena og være vertskap for årets opning av Kystsogevekene synest eg er storarta.

Kystsogevekene har utvikla seg, men tradisjonelt vore opptatt av å formidle kystkulturens mangfald. Studera du det flotte programmet vil du sjå at det er ein flott kombinasjon av arrangement som binder den tradisjonsrike kystkulturen saman med dagens «livslyst og bulyst» langs kysten.

Det blir ikkje satt opp Håkonarspel i år, men på Fitjar skal dei ha en liten sogekveld med utdrag av Håkonarspelet, i tillegg til anna kulturhistoriske innslag. I tillegg blir det satt opp tre førestellingar med Spelet om brugdefangsten, ein risikosport frå 1770-talet, med dikt, musikk, fortelling og dramatisering omkring det farlige fisket etter verdens nest største fisk, brugda.

Det er såleis nye arrangement, men også kjente – noko for ein kvar smak!

Det er mykje godt lokalt engasjement i den enkelte kommune som gjer at me at eit rikt kulturliv lang vår flotte kyst. Lokale krefter viser evne til å ta vare på historia og tradisjonar, samstundes som ein vidareutviklar arrangementa og tenkjer nytt.

Studer programmet – og delta på arrangementa!

Vel møte til kjekke Kystsogeveker!

STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE
Ove Trellevik
styreleiar

## Innhald


| | | | |
|---|---|---|---|
| **Lindås** | side 6 | **Fjell** | side 22 |
| **Gulen** | side 8 | **Sund** | side 23 |
| **Masfjorden** | side 9 | **Austevoll** | side 24 |
| **Fedje** | side 10 | **Os** | side 25 |
| **Austrheim** | side 11 | **Fusa** | side 26 |
| **Radøy** | side 12 | **Tysnes** | side 27 |
| **Meland** | side 15 | **Fitjar** | side 28 |
| **Osterøy** | side 16 | **Stord** | side 29 |
| **Bergen** | side 18 | **Bømlo** | side 30 |
| **Askøy** | side 20 | **Sveio** | side 32 |
| **Øygarden** | side 21 | **Kvinnherad** | side 33 |

# Offisiell opning av Kystsogevekene 2013 Lindås 10. august

**Laurdag 10. august vil bli ein kystkulturell festdag!**

**Lindås kommune og Stiftinga Kystsogevekene har gleda av å invitere til opning av årets kystsogeveker og til opning av dei restaurerte Lindås sjøsluser.**

## Offisiell opning kl 12.00

Ved Spjotøy legg MS Granvin til i Lindås sjøsluser, der den offisielle opninga av både Kystsogevekene 2013 og det nyrestaurerte sluseanlegget finn stad. Lindås sjøsluser er eit opplevingsverdig bilete av ei tid, og eit nasjonalt minnesmerket over samferdsla sin tyding for samfunnsutviklinga langs kysten. Slusene står fram i sitt opphavlege miljø, og vil bli eit mål for ferdafolk på jakt etter oppleving.
Etter omlag ein time i slusene går portane opp og turen går vidare til Lindås - kommunesenteret fram til 1964. Det vil gå bussar frå Lindås til Spjotøy og tilbake.

## Lindåstorget på Lindås brygge kl 12-16

På Lindås brygge vert det pusta liv i det gamle sentrum på Lindås, her inviterer vi til Lindåstorget, ein torgdag med folkefest, musikk og mat. Det er også høve til å rusle opp til det gamle tinghuset, og sjå utstilling og kanskje og eit glimt bort på lyrikaren Aslaug Laastad Lygre sin barndoms bustad, der ho truleg ikkje sov bort sumarnatta.



# Program 2013

## Laurdag 10. august

*Offisiell opning av Kystsogevekene 2013 Lindås sjøsluser* og ved Lindås brygge i Lindås kommune

*Lindåstorget* på Lindås brygge

*Fonnesdagen* Austrheim/Fonneskaien

*Havsportveka* Austrheim 5. - 11. august

*Hellesøydagen* Øygarden/Hellesøy

*Spelet om brugdefangsten - risiko-sport anno 1770* Austevoll/Stolmen

*Fitjarfestivalen* Fitjar 8. - 11. august

*Brandasunddagane* Bømlo/Brandasund

## Søndag 11. august

*Kaidagen!* Gulen/Furneset

*DS Oster Tur til Gulen* Lindås - Austrheim- Gulen

*Sudan Dudan* Masfjorden/Masfjordnes

*Havsportveka* Austrheim

*Gripen av havfolket* utstillingsopning Radøy/Sletta

*Bokkafe og foredrag* Lindås/Eknes-vågen

*Vevutstilling og konsert* Osterøy/Ho-sanger

*Fitjarfestivalen* Fitjar 8.- 11. august

Spelet om brugdefangsten - risikosport anno 1770 Austevoll/Bekkjarvik

*Brandasunddagane* Bømlo/Brandasund

## Tirsdag 13. august

*Viltmøte* Radøy/ Manger

*Vestlandsforteljing* - Frå notbu til hyt-teparadis Sund/Telavåg

## Onsdag 14. august

*Skulefri!* Osterøy/Gjerstad

## Fredag 16. august

*Kulturvandring i Landsbyen i havet*

*Konsert* Fedje

*Kraftspela* Masfjorden/Matre

## Laurdag 17. august

*Kraftspela* Masfjorden/Matre

*Kulturvandring i Landsbyen i havet* - Fedje

*Tur i fiskarbonden sitt rike* Austrheim/ Krossøy

*Seglkurs* Radøy

*Konsert med Marit Drivenes* Radøy/ Manger

*Opninga av Kystsogedagane i Os* Os/ Søre Øyane

*Kystsogehelg i Bekkjarvik* Austevoll/ Bekkjarvik/Stolmen

*Dansegalla* i Tysneshallen Tysnes/Våge

*Kystsogevekeutstilling* - Lars Tveit Bømlo/Moster Amfi

## Søndag 18. august

*Bjørn Westmarsjen* Masfjorden/Matre - Stordalen

*Kraftspela* Masfjorden/Matre

*Konsert Polkabjørn & Kleine Heine* Masfjorden/Masfjordnes

*Open gard på Øvre Sagstad og Øvre Dale* Meland

*Naturlostur* Radøy/Manger-Skageneset

Bokkafe og foredrag Lindås/Eknesvå-gen

*Vevutstilling ved Åse Eriksen* og konsert Osterøy/Hosanger

*Kystsogehelg i Bekkjarvik* Austevoll/ Bekkjarvik

## Måndag 19. august

*Galleri og salsutstiling* Radøy/Manger

## Tysdag 20. august

*Galleri og salsutstiling* Radøy/Manger

## Onsdag 21. august

*Galleri og salsutstiling* Radøy/Manger

## Torsdag 22. august

*Galleri og salsutstilling* Radøy/Manger

## Fredag 23. august

*Galleri og salsutstilling* Radøy/Manger

*Nothuset* på Kviste Radøy/Skutevika

*Periferifestivalen* Sund/Glesvær

## Laurdag 24. august

*Open dag i Sellevåg treskofabrikk* Gulen

*Risnesmarknaden* Radøy/Rossnes

*Galleri og salsutstiling* Radøy/Manger

*Radøy motorsamling* Radøy/Kalneset

*Kystsogedagane i Meland* Meland/ Holmeknappen

*D/S Oster i rute Herdlafjorden*

*Mjøsdalsdagane* Osterøy/Hosanger

*Laurdagskafe på Hellesøy bedehus* Øygarden/Hellesøy

*Periferifestivalen* Sund/Glesvær

*Langøymarknaden* Fjell/Langøy

*Naustdans på Langøymarknaden* Fjell/ Langøy

*Oselvarfestival og Bondens dag* Os/ Osøyro

*CW Segelcke 250 årsmarkering - En-gevik gaard* Fusa/Engevik

## Søndag 25. august

*Vassbruksmiljødag* Gulen/Takle

*Middelalderdag* Lindås/Lygra

*Open gard på Sellevoll* Lindås/Alver-sund

*Bokkafe og foredrag* Lindås/Eknes-vågen

*Lyrikkveld* Radøy/Sæbø ungdomshus

*Kystsogedagane i Meland* Meland/ Holmeknappen

*Konsert med Arne Olav Hageberg* Meland/Holmeknappen

*Mjøsdalsdagane* Osterøy/Hosanger

*Vevutstilling i Hosanger Kyrkje* Osterøy/ Hosanger

*Gøy på landet* Bergen/Stend

*Spelet om brugdefangsten* Bergen/ Stend

*Museumdag på Bygdetunet Rød* Kvinnherad/Uskedalen

*Open dag på Ørevik Grendahus* Sveio/ Liereid

## Måndag 26. august

*I ljoset frå eld og ljore* Tysnes/Onarheim

## Onsdag 28. august

*Kvardagliv i 1850 -Bogatunet* Radøy/Boga

## Torsdag 29. august

*Kvardagliv i 1850 -Bogatunet* Radøy/Boga

*Guida spasertur frå Bogatunet til Bogehamn* Radøy/Boga

*I ljoset frå eld og ljore* Stord/Leirvik

## Fredag 30. august

*Gitarkonsertar* Masfjorden/Mangersnes

*Kvardagliv i 1850 -Bogatunet* Radøy/Boga

*Gla'song* Radøy/Manger

*Bakekurs på Radøystova* Radøy/Sletta

*Utekonsert med Jan Eggum & Halvdan Sivertsen* Øygarden/Ovågen

*Juuhl litteraturfestival* Fjell/Straume

*Kanaldagane* Bømlo/Finnås/Kuleseid-kanalen

## Laurdag 31. august

*Torgdagane i Salhus* Bergen/Salhus

*Sandviksdagene* Bergen/Sandviksboder Kystkultursenter

*Juuhl litteraturfestival* Fjell/Straume

*I ljoset frå eld og ljore* Kvinnherad/Omvikedalen

*Kanaldagane* Bømlo/Finnås/Kuleseid-kanalen

*Vi skal ikkje sova bort sumarnatta* Sveio/Buavåg

## Søndag 1. september

*Frå Sunnfjord til Rio* Masfjorden/Masfjordsnes

*Gryta hennar mor* Radøy/ Manger

*Bokkafe og foredrag* Lindås/Eknesvågen

*Vevutstilling ved Åse Eriksen og konsert* Osterøy/Hosanger

*Torgdagane i Salhus* Bergen/ Salhus

*Sandviksdagene* Bergen/Sandviksboder Kystkultursenter

*Hanevikdagen* Askøy/Hanevik

*Aktivitetsdag på Herdla fort* Askøy/Herdla

*Juuhl litteraturfestival* Fjell/Straume

*Halsnøy kloster 850 år* Kvinnherad/Halsnøy kloster

*Kvinner i politikken på Tysnes* Tysnes/Skorpo

*Kanaldagane* Bømlo/Finnås/Kuleseid-kanalen

*Kystsogedag i Buavåg - Tema Stemmerettsjubileum* Sveio/Buavåg

## Onsdag 4. september

*Handarbeidstreff* Osterøy/Gjerstad

## Torsdag 5. september

*Kystsogedag med Loyal* Sund/Forlandsvågen

## Fredag 6. september

*Kom bli med på landet* Fjell/Liaskjærshallen

## Laurdag 7. september

*Kom bli med på landet* Fedje/Fleirbrukshallen

*Kurs i brettsegling Radøy*/Toskavegen på Manger

*Yoga og brunsj i sjøkanten* Radøy/Sletta

*Husflidens Dag* Lindås/Hillesvåg

*Laurdagskafe på Hellesøy bedehus* Øygarden/Hellesøy

*Bergenhusdagene* Bergen/ Bergenhus Festning

*Bergen Matfestival* - Bønder i byd'n

*Kysttreff med Loyal* Sund/Trellevik

*Open dag i Sunnhordlandstunet* Stord/Leirvik

*Johannes Heggland - kvinneskikkelser i forfatterskapen* Tysnes/Nedrevåge

*Husflidsmesse i Tysneshallen* Tysnes/Våge

## Søndag 8. september

*Sesongavslutning Gulen fiskarbondemuseum* Gulen/Byrknesøy

*Familiedag med fiskekonkurranse* Radøy/Slippen i Sæbøvågen

*Kurs i langbogeskyting* Radøy/Midgard på Øvre Manger

*Gryta hennar mor* Radøy/Manger

*Bokkafe og foredrag* Lindås/Eknesvågen

*Utdeling av Ivar Medaas-prisen* Lindås/Knarvik

*Vevutstilling ved Åse Eriksen og konsert* Osterøy/Hosanger

*Bergenhusdagene* Bergen/ Bergenhus Festning

*Bergen Matfestival* - Bønder i byd'n

*Tur til Modalen med DS Oster* Bergen

*Kulturminnedag på «Fredens bolig» - kyrkjegarden ved havet* Sund/Telavåg

*Husflidsmesse i Tysneshallen* Tysnes/Våge

*Museumsdag på Årskog museum* Fitjar/Årskog

*Familiedag med konsert* Sveio/Førde

## Tirsdag 10. september

*Konsert med Rannveig Djønne og Annlaug Børsheim* Osterøy/Gjerstad

## Onsdag 11. september

*Ulike kurs i oppstadvev, spinning og veving av roggeband* Osterøy/Gjerstad

## Torsdag 12. september

*Sogekveld på Fitjar* Fitjar

## Fredag 13. september

*Temakveld om matkultur* Radøy/Manger

## Laurdag 14. september

*Fridykkarkurs* Radøy/Manger

*Bakekurs på Radøystova* Radøy/Sletta

*Den gamle verdsveven* Osterøy/Gjerstad

*Kulturminnedagen - Kvinneliv dei siste 100 åra* Os/Osøyro

## Sundag 15. september

*Open gard* Radøy/Søndre Solend

*Gryta hennar mor* Radøy/Manger

*Bokkafe og foredrag* Lindås/Eknesvågen

*Kulturvandring til Høyboen* Fjell/Vindenes/Høyboen

# Lindås

Adm. senter: Knarvik
Fylke: Hordaland
Areal: 475,9 km2
Folketal pr 1.1.13: 14 820
www.lindas.kommune.no









## *Der draumar blir røyndom*

Lindås er den største kommunen i Nordhordland, med regionsenteret Knarvik som naturleg knutepunkt. Det som var lyngmark for 40 år sidan, er i dag ein moderne bygdeby på nordsida av Nordhordlandsbrua. Lindås er ein fjord- og kystkommune med vakker natur frå fjord til fjell. Ta ei skogsvandring i den nordlegaste bøkeskogen i verda, opplev lyngheiane og det opne, vakre kystlandskapet.

Kystsogevekene 1998 vart offisielt opna på Seim i Lindås med *Håkonarspelet Håkonarvarde*. Spelet vart sist oppført på Seim i 2011. Lyngheisenteret har også tatt var på dei norske mellomaldertradisjonane med sin årlege *Middelalderdag* i Kystsogevekene. Dei seinaste åra har det også vakse fram eit eige vikingmiljø i Nordhordland. *Eknesvågens venner* tek vare på dei nyare kulturhistoria, gjennom sine inte-ressante føredragsrekkjer i Kystsogevekene, elles om året har dei også ein trivelge bokkafe med utstillingar.

I år vert Kystsogevekene offisielt opna saman med offisiell opninga ved ***Lindås sjøsluser***, som er nyrestaurerte og klare til bruk for første gong sidan 1963. Sjøslu-sene var viktige frakt og passasjertrafikk til Lindåsosen sidan 1908.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

### Offisiell opning Lindås sjøsluser og Kystsogevekene 2013

Laurdag 10. august kl 12
Ved Spjotøy legg *MS Granvin* til i Lindås sjøsluser, der den offisielle opninga av både Kystsogevekene 2013 og det nyrestaurerte sluseanlegget finn stad. Lindås sjøsluser er eit opplevingsverdig bilete av ei tid, og eit nasjonalt minnesmerket over sam-ferdsla sin tyding for samfunnsutviklinga langs kysten. Slusene står fram i sitt opp-havlege miljø, og vil bli eit mål for ferdafolk på jakt etter oppleving. Etter omlag ein time i slusene går portane opp og turen går vidare til Lindås - kommunesenteret fram til 1964. Det vil gå bussar frå Lindås til Spjotøy og tilbake.

### Lindåstorget på Lindås brygge kl 12-16

På Lindås brygge vert det pusta liv i det gamle sentrum på Lindås, her inviterer vi til Lindåstorget, ein torgdag med folkefest, musikk og mat. Det er også høve til å rusle opp til det gamle tinghuset, og sjå utstilling og kanskje og eit glimt bort på lyrika-ren Aslaug Laastad Lygre sin barndoms bustad, der ho truleg ikkje sov bort sumar-natta.

### DS Oster Tur til Gulen

Lindås - Austrheim - Gulen
Sundag 11. august
Rutetider for Oster: Frå Nesbø 09, Fonnes 11, Furnes 12 - 14, Via Kvigesundet, til Eivindvik hamn, passerar Skjerjehamn m/Kong Olav-statuen til Fonnes 17. Bussfor-bindelse til Knarvik og Bergen. Oster går via Straumane til Bjørsvik 21.
Seglingsplan på www.oster.no

# Lindås

## Program

### Bokkafe og foredrag
Eknesvågen
Bokkafeen i Eknesvågen er open kvar sundag kl 13 - 17
Eknesvågens Venner vil har føredragsserie under Kystsogevekene:
Sundag 11. august kl 14
*Norsk landbruk - meir enn berre låge prisar* ved leiar i Alversund og Seim bondelag, Reidar Konglevoll
Sundag 18. august kl 14
*Møbelindustrien i Nordhordland* ved Bjarne Foss
Sundag 25. august kl 14
*Ivar Aasen om Nordhordland og strilane* ved professor Johan Myking
Sundag 1. september kl 14
*Strilekrigen mot atomkraftverk* ved Vidar Lehmann
Sundag 8. september kl 14
*Då olja kom til Nordhordland* ved tidlegare informasjonssjef på Norsk Hydro Mong-stad, Karl Kolstad
Sundag 15. september kl 14
*Då elektrisiteten kom til Nordhordland* ved Johannes Fosse
Sal av kaffi og vaflar. Gratis tilgjenge

### Middelalderdag
Lygra/Lyngheisenteret
Sundag 25. august kl 12 -16
Primstaven viser øks og kniv, hammar eller kross. I dag kan du gå på kaupang, sky-ta med boge, eller reisa med båt og sjå og høyra om middelaldergarden på Lurekalven. Vikingar som på drakta kan attkjennast har fritt leide. www.lyngheisenteret.no

### Open gard på Sellevoll
Skarsvegen 469, Alversund
Sundag 25. august kl 11- 15
Margun Sellevoll held open gard og viser fram ku, kalv, sau, høns og geit. Natursti med lokal historie og leiker for barn og vaksne, hesteskokasting, hopping i høyet, gamle traktorar, sal av mat, lag din eigen fuglekasse gratis, trøtraktorkjøring, vise fram gardsdrift mm. Gratis inngang.

### Husflidens Dag
Laurdag 7. september kl 12.00 - 15.30
Husflidens Hus i Hillesvåg
Demonstrasjon og utstilling av nye og gamle handverksteknikkar. Fokus på stem-merettsjubileet for kvinner. Arr. Nordhordland husflidslag

### Utdeling av Ivar Medaas-prisen 2013
Knarren, Knarvik Videregåendeskule
Sundag 8. september kl 19
Ivar Medaas ville fylt 75 år i 2013. For å markere dette vil det under årets prisut-deling også bli delt ut eit ungdomsstipend på kr 10 000.-. Vi får høyre av prisvin-narane og andre. Meir informasjon kjem.




www.kystsogevekene.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Gulen

Adm. senter: Eivindvik
Fylke: Sogn og Fjordane
Areal: 596 km2
Folketal pr 1.1.13: 2 305
www.gulen.kummune.no



Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen som eit bruhovud til Hordaland. Kont-rastane er store, frå dei ytste av om lag 1500 øyar, holmar og skjer i vest og inn til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Inn-byggjarane er jamt fordelte kring skulekrinsane Byrknes, Brekke, Dalsøyra og Ei-vindvik.

Gulatinget vil alltid vere bunde saman med Håkon den Gode, som vert knytt til to store reformer i organisering av kongeriket, nemleg leidang og lagting, som innebar eit meir formalisert samarbeid mellom kongen og bøndene.
Håkonarspelet Håkon Adalsteinsfostre til Gula er eit av dei fem store sogespela om Håkon den gode, og Kystsogevekene 1999 vart opna i samband med framføring av spelet. Gulatinget er valt til tusenårsstad for Sogn og Fjordane fylke, og her er planar for visingssenter på Gulatingsplassen på Flolid.
Kystsogevekene i Gulen er prega av fiskarbonden, og aktivitetar på kaia i Furnes. Det flotte vassbruksmiljøet på Takle har også vore flotte innslag, det same er den freda Treskofabrikken i Sellevåg.

Reiseliv sjå www.fjordkysten.no

## Program

**Kaidagen!**
Furneset
Sundag 11. august kl 12
Tradisjonelt rekebord på kaia og lett underholdning ved lokal koret "Øyklang" og "Masfjorden trekkspelklubb". Det vert salsboder, kiosk og aktivitetar langs kaien og ulike aktivitetar for store og små, palleløp, salboder, tombola, lett underholdning m.m. Museet i gamle butikken har ope og det blir filmframvising. Redningsskøyta Utvær kjem og det vert høve til å prøve Eliasbåtane. Oster legg turen innom på tur frå Nesbø via Fonnes. Arr. Brandangersund samfunnshus

**Oster Tur til Gulen**
Rutetider for Oster: Frå Nesbø 09, Fonnes 11, Furnes 12 – 14. Via Kvigesundet, til Eivindvik hamn, passerar Skjerjehamn m/Kong Olav-statuen til Fonnes 17. Bussforbindelse til Knarvik og Bergen. Oster går via Straumane til Bjørsvik 21. Seglingsplanen www.oster.no

**Open dag i Sellevåg treskofabrikk**
Sellevåg
Laurdag 24. august kl 13 – 16
Sellevåg treskofabrikk er ei lita industriperle inst i Gulen, her var produksjon av tre-sko mellom 1899 og 1972. Frå 1952 vart også sagbruk ei viktig brikke i produk-sjonslina. Sellevåg treskofabrikk har sidan 1994 vore fokusert på som eit viktig tek-nisk-industrielt kulturminne. Fabrikken vart freda av Riksantikvaren i 2012.
Omvising og filmframvising som syner fabrikken og det vassdrivne maskina i drift. Sal av kaffi og vaflar. Arr. Magne Sellevåg

**Vassbruksmiljødag**
Takle
Sundag 25. august kl 14-17
Vassbruksmiljødag med tradisjonsmat og aktivitetar for store og små. Vassbruks-miljøet har kvern, slipestein og stampe som blei brukt til toving av tøy. Arr. Midt Takle Vassbruksmiljø med hjelp frå 4H

**Sesongavslutning Gulen fiskarbondemuseum**
Byrknesøy
Sundag 8. september kl 14-17
Sesongavslutning då dette er siste faste dagen med ope museum. Kaffi og kaker og trekking av loddboka som har blitt selt i løpet av sommaren. Sundagsope frå 17. juni til 9. september.

# Masfjorden

Adm. senter: Masfjordnes
Fylke: Hordaland
Areal: 558 km2
Folketal pr 1.1.13: 1 696
www.masfjorden.kommune.no







Masfjordnaturen er vekslande. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sund-rivne fjellandskapet tusen meter over havet. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i et avgøymt sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går lei. Stordalsområdet har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vasskraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane i kommunen. Vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet.
Under Kystsogevekene har det tidlegare vore både marknadsdagar, fiskefestivalar og rokonkurransar. Kraftspela er i seg sjølv ei heil rekkje arrangement, men også dei er med i mønstringa Kystsogevekene, det same er Bjørn West-marsjen. Dei sei-naste åra har utstillingar og konsertar i Kvamsdals fargeri og Sjøbruksmuseet på Sandnes vore faste innslag i Kystsogevekene i Masfjorden, det same har også de populære ro - og båtdagane.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

**Sudan Dudan**
Masfjordnes/Kvamsdals fargeri
Sundag 11. august kl 19.30
Sudan Dudan sin konsert er møtet mellom Jotunheimen og Appalachene. Marit Karl-berg og Anders Erik Røine har laga vakre og originale arrangement av norske folke-tonar, tydeleg inspirert av amerikansk old time musikk og vestafrikansk ørkenblues. *Sudan Dudan* har vore i studio med Odd Nordstoga som produsent, deira tredje al-bum kjem hausten 2013. Høyr smakebitar i Kvamsdals fargeri. Arr. Sommarscena

**Kraftspela**
Matre
16.-18. august
Kraftspela blir 16. - 18. august, og hovudkonserten dette året er Kurt Nilsen som spelar 16. august.
Vinni spelar 17. august.

**Bjørn Westmarsjen**
Matre - Stordalen
Sundag 18. august
Marsj i lett fjellterreng til minne hendingane i Matrefjella under 2. verdskrig. Vel mellom "Lang" eller "Kort" rute, lang tek omlag 5-6 timar.
kl 14.30 Konsert ved Fjellstova, kl 15.15, Gudsteneste kl 16. Minnemarkeringa ved bautaen. bjornwest.no

**Polkabjørn & Kleine Heine**
Konsert i Kvamsdals fargeri
Sundag 18. august
Polkabjørn er ikkje bare Nord-Europas beste jodlar, men har og vorte ein anstendig strupesongar. Heine Bugge er trekkspelvirtuos og veletablert jazzmusikar. Polka-bjørn & Kleine Heine er en gruppe det ikkje er mogleg å vera mentalt førebudd på... Arr. Sommarscena

**Trippel gitarkonsert og omvising**
Masfjordnes/Masfjorden båt- og sjøbrukssamling
Fredag 30. august
kl 18.30 Omvising i Nothuset v/ Arne Høyland
kl 19.30 Konsert ***Annar By, Bengan Jonasson, Olle Lindvall!***
Arr. Sommarscena

**Frå Sunnfjord til Rio**
Masfjordnes/Nothuset
Sundag 1. september
I Jacob Sande sine fotspor med Ketil Kversøy og fleire. Arr. Sommarscena

# Fedje

Fylke: Hordaland
Areal: 9,4 km2
Folketal pr 1.1.13: 569
www.fedje.kommune.no








## Landsbyen i havet

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her, men opplevingar for dei som kjem hit. Så - uventa og velkomne - tørkar sola skyene bort. Vinden tagnar og så ligg Fedje der med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet.
På Fedje har det under Kystsogevekene vore både Fedjespel, revyar og safari. Fedje var vertskap for den offisielle opninga av Kystsogevekene 2005. Det har også ein lang periode med Torgdagar på Fedje.
Dei siste åra har dei satsa på Kulturvandring i langsbyen i havet, og invitert til kulturelle opplevingar på utvalde stader i landsbyen – konsert i kyrkja, open Trafikkstasjon, basar med åresal i bedehuset, eller fordrag i Pernillekafeen.
I fjor vart også arrangert eit uhøgtideleg Maritimt meisterskap der ein tevla innan ulike maritime greiner som ein av postane i kulturvandringa, og dette viste seg å verte stor suksess som vert gjentatt i år.

# Program

**Program Kulturvandring i Landsbyen i havet**
**Konsert i Fedje kyrkje**
Fredag 16. august kl 18.30
Konsert med det koret *Plunge* frå Litauen

**Kulturvandring i Landsbyen i havet**
Laurdag 17. august
Kvalutsal frå kl 10.30
kl 11 Kystkultur i endring Pernillekafeen - Foredrag av Jakob E. Ågotnes på Pernillekafeen
Kl 12 Maritimt Meisterskap Kaia ved Fryseriet ved Fedje Event Management og Trond Ågotnes.
kl 14-16 Open dag på Fedje trafikksentral
kl 16 Tradisjonell Bedehusbasar
Bedehuset med åresal, kaker, kaffi og godprat. Arr.: Fedje indremisjon
Dans på kvelden i Holmen Kafé

**Kom bli med på landet**
Fleirbrukshallen
Laurdag 7. september kl 19
Ei førestilling med songar av Johannes Kleppevik
Publikum får innblikk i kystkulturen i Fjell frå 60- og 70-tallet gjennom songar og fortelling. Ei førestilling med korsang, regi, skuespill og allsong. Vi får også høyre nokre av de nyleg oppdaga songane som Johannes har skrevet, men ikkje utgitt. Sigrid-Marthe Kleppevik er med og fortell om faren Johannes Kleppevik. Kjente songar som «Kom bli med på landet», «Oldefar», «No kjem ein vals» m. fl.

Orkester:
Olav Ulveseth: Trekkspill
Edvard Mjanger: Bass
Torbjørn Nettland: Gitar
Anders Christian Jakobsen: Trommer

Rollefigurer:
Knut og Randi
Ivar og Martha
Anne-Linn og Jens
Simon

Arrangør: Fjellkoret med musikarar

**www.kystsogevekene.no**

# Austrheim

Adm. senter: Sætre
Fylke: Hordaland
Areal: 57,4 km2
Folketal pr 1.1.13: 2 833
www.austrheim.kommune.no






Austrheim kommune ligg nordvest i Hordaland. På ein tur gjennom kystlandskapet ser ein mange spor etter utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljeforedling i vår eiga tid.

***Fonnesdagen,*** eller *Dajen dar* folk møtest er ein av veteranane i Kystsogevekene. Her finn du både gamle båtar, handverk, gamle reiskap og tradisjonskost, og ikkje minst er alt lagt til rette for at folk skal møtast og slå av ein prat. Fonneskaien var arena for den offisielle opninga av Kystsogevekene i 2009. ***Havsportveka*** tek seg av den meir moderne og fartsfylte delen av kystkulturen vår, med høve for å prøve ut havsport og aktivitetar. Arenaer fleire stader i kommunen, med base i Mastrevik. I Austrheim brukar det også vere vandringar i fiskarbonden sitt vakre kulturlandskap.
Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

### Havsportveka

5. - 11. august
*Havsportveka* vert arrangert for 5. år. Havsportveka femner om ei rekkje sjø- og havsportaktivitetar, og du kan prøve det meste på og under vatn. Eit mangfaldig program med god mat og sosialt samvær er del av opplevinga. Havsportveka har også underhalding og eit rikt kveldsprogram med alt frå livemusikk til Beachparty. Blant kommunen sine 489 øyer finn du naturgjevne føresetnader som stille viker, strømfulle sund og storhavet utanfor stovedøra. Frå HavCamp er det berre minutt ut til dei ulike øvingsarenaene, og i sentrum av Austrheim med servicetilbod. Kajakk, windsurfing, dykking, fisketur, RIB, segling og mykje anna moro. Arr. Havsportlauget www.havsportveka.no

### Fonnesdagen

10. august kl 12 - 16
Fonneskaien
Fonnesdagen er dajen dar folk møtest. I år kjem vetaranbåten KNM Hitra i tillegg til DS Oster. Det vert høve til omvising ombord. Hitra sitt sjantikor Navy Vocalis skapar god stemning. Kan hende kjem det taubåt frå Mongstad for å demonstrere brannkanonen. Redningsskøyta Utvær har med seg Eliasbåtane. Veteranbussen, Brannbil og Brannbåt er på plass, det same er Jan Åge Storheim og Tempoklubben.
Lokale innslag frå scena, Rockeklubben v/Sandman og Golden Wings. Trekkspelklubben. «Kuttertreff», der tre lokale eigarar viser fram sine nyrestuarerte båtar.
Klinking av gammal trebåt. Spleising av tau, garnbøting og ruselaging. Utstilling av fiskereiskap. Demonstrasjon og prøvekjøring av gamle SAABmotorar. Sal av krabbe, fiskesuppe, rømmegraut, lefser, vaflar, kaffi, is, brus og spekemat. Smaksprøvar på grilla kvalkjøtt og gode sildesortar. Konferansier Knut Risnes. Merk! Ikkje parker langs vegen, vaktar viser plass

### DS Oster Tur til Gulen

Lindås - Austrheim - Gulen
Sundag 11. august
Rutetider for Oster:
Frå Nesbø 09, Fonnes 11, Furnes 12 - 14, Via Kvigesundet, til Eivindvik hamn, passerar Skjerjehamn m/Kong Olav-statuen til Fonnes 17. Bussforbindelse til Knarvik og Bergen. Oster går via Straumane til Bjørsvik 21. Info om seglingsplanen www.oster.no

### Tur i fiskarbonden sitt rike - Krossøy

Krossøy
Laurdag 17. august kl 14
Oppmøte på snuplassen på Krossøy. Guida tur i vakkert øylandskap til Storhaugen, freda naustmiljø, gardsmuseum, smie, fjøs m.m. Turen passar for alle og vi vandrar i lett terreng og vert kjend med fiskarbonden sitt liv. Sal av fiskesuppe og kaffi/te i naustet. Følg gjerne også turstien heilt ut til Gavlen. Arr. Krossøy Grendalag

# Radøy

Adm. senter: Manger
Fylke: Hordaland
Areal: 110 km2
Folketal pr 1.1.13: 5 003
www.radoy.kommune.no



## Den grøne øya

Den vakre og frodige naturen i kommunen er fordelt på 269 øyar holmar og skjer. Radøy ligg sentralt i Nordhordland, 4 mil nord for Bergen. Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya i vakkert kulturlandskap. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen.

Radøy var vertskap for den offisielle opning av Kystsogevekene 2002, og spelet Amerikafeber vart oppført på Utvandrersenteret på Sletta. Radøy har eit rikt kulturliv og svært mykje av dette kjem fram i Kystsogevekene. Radøy markerar også kvart år opning av sine eigne Kystsogeveker med eit stort hovudarrangement som vert flytta rundt til stader av kystkulturen, gamal eller ny. Det årlege grilltreffet til sogelaget er vert også flytta til kulturhistorisk spennande stader. Den årlege levandegjeringa av 1800-talet på Bogatunet er ei oppleving for skuleklassar. Risnesmarknaden er eit anna arrangement som har vore fast innslag. I tillegg er det også tilbod om ulike kurs knytt til matlaging i fjæra, knutar, segling, tradisjonsbakst eller anna.
Keipane Kystlag i Sæbøvågen har sin årlege fiskekonkurranse og deltek også på andre arrangement.

I år skal båtar frå Keipane vere med til Lindåsosane ved den offisiell opninga 10. august.

# Program

**"Gripen av havfolket" - utstillingsopning**
Sletta, Vestnorsk utvandringssenter
Sundag 11. august kl 13
Eit utval fotografi tekne av den amerikanske fotografen Robert A. Robinson (1927- 1996) i Florø og omegn på 1950-talet. Den 24 år gamle Robinson drog til Noreg på sommarferie, han blei i Noreg i 15 år. Dei første åtte åra i Bergen, og han reiste my-kje rundt og skildra med kamera etterkrigstidas menneske og miljø i det kvardags-lege.
Utstillinga er produsert av Kystmuseet i Florø. ***Opningsføredrag*** ved Bjørn Fjellheim, førstekonservator ved Musea i SoF avd. Kystmuseet: *Bilete frå eit tidsskilje. Robert A Robinsons møte med vestnorsk kvardagsliv på 1950-talet.* Musikalske tonar frå ***Gabriel Fliflet***. Lett servering. Sjå utstillinga i august-september. www.muho.no/vestnorsk-utvandringssenter/

# Radøy

# Program

### Viltmøte
Rådhuset på Manger
Tysdag 13. august kl 19.30
Føredragshaldar vert Arve Aarhus, prosjektkoordinator Hordahjort. Møte er ope for alle interesserte.

### Konsert med Marit Drivenes
Manger folkehøgskule
Laurdag 17. august kl 18
Marit framfører eit utval av songar skrive av Burt Bacharach som står bak 60- og 70-talet sine mest kjende låtar. Frode Skag Storheim sit bak pianoet og Solfrid Drivenes er konferansier. Billett: 200,-

### Seglkurs
Laurdag 17. august kl 11-18
Har du lyst til å læra å segla? Roald og Marta Hvidsten tilbyr seglkurs ombord på *Colin Archer-skuta Sunniva*, som har ein tradisjonell gaffelrigg. Kurset består både av teori og praksis. Pris: kr 790,- ink måltider. Info og påmelding, tlf. 56 37 04 88 eller 909 18 214. Påmeldingsfrist 15. august.

### Naturlostur
Manger-Skageneset
Sundag 18. august kl 10- ca 14
Ordførar Jon Askeland viser oss Skageneset friluftsområde. Tidlegare var dette eit småbruk som under krigen spelte ei viktig rolle for motstandsrørsla. Flyktningar som skulle vidare over Nordsjøen vart halde i skjul i skjul her. Folket på garden sør-ga også for å hente og frakte flyktningar i robåt. Variert flott landskap som også inneheld ein flott badepoll. Kanskje blir det tid til eit bad. Oppmøte og parkering ved rådhuset på Manger.

### Galleri og salsutstilling
Manger bedehus
Måndag 19. til laurdag 24. august kl 12 - 19
Kunstnarar: Bjarne Skjold, Elna Tvedt Bauge og Ingeborg Haugland. Bjarne Skjold er naturalistisk kunstnar og malar motiv frå naturen. Elna Tvedt Bauge malar både natura-listisk og delvis abstrakt, akryl og oljemaling. Ingeborg Haugland malar akryl og oljemaling

### Nothuset på Kviste
Skutevika
Fredag 23. august kl 17-20
Ope hus og kafé hos Roald og Marta Hvidsten som har restaurert eit gamalt nothus på Kviste. Dørene er opne for interesserte som ynskjer å vita meir om restaureringa eller berre ynskjer å nyta stemninga i det gamle bygget. Sal av mat og drikke. Ring 56370488/90918214 om du ikkje finn frem

### Risnesmarknaden
Risnes, Rossnes kai
Laurdag 24. august kl 13-16
Salsboder med diverse varer. Pokaler, hesteskokasting, luftgeværskyting. Prøvekjø-ring av Eliasbåten. Levande musikk og sal av mat, kaffi og brus. Alle samlast på kaien! Arr. Risnes grendalag

### Radøy motorsamling
Radøyvegen 448 (Kalneset)
Laurdag 24. august kl 11-16
Radøy motorsamling held ope, og Guttorm Storheim viser fram den store samlinga med over 200 ulike motorar som har vore brukte i vårt distrikt. Dei aller fleste motorane er sett i stand, og ein del av desse motorane vil verta starta opp denne da-gen. Samlinga inneheld også traktorar og jordbruksmaskiner. Kaffi og vaflar. Gratis inngang.

### Lyrikkveld
Sæbø ungdomshus
Sundag 25. august kl 19
Dikt av lokale diktarar og andre vert lest opp.
Arr.: Sæbø ungdomslag og skriftstyret

### Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet
Boga
Onsdag 28. august kl 10-13
torsdag 29. august kl 15-18, NB! Kan kombinerast med guida spasertur. Sjå nedan-for
fredag 30. august kl 10-13
Ein skuleklasse frå Hordabø skule er på Bogatunet og levandegjer korleis familiar levde på 1850-talet. Elevane er kledd opp i gamaldagse klede og lagar tradisjonskost. Eldre menneske og tradisjonsberarar syner og fortel elevane om dei tradisjo-nelle gjeremåla. Arr: Radøy kommune og Radøy sogelag

### Guida spasertur frå Bogatunet til Bogehamn
Torsdag 29. august kl 18
Guida tur frå Bogatunet, til den nye Boga hamn og vidare nordover langs sjøen, til Morkevikane og Mangersneset. Retur evt. med bil. Tips! Besøk skuleklassen på Bogatunet.

# Program

## Gla'song
Manger kyrkje
Fredag 30. august kl 19
Allsong og solistinnslag. Arr.: Radøy kyrkjelyd

## Bakekurs på Radøystova – to kurs
Sletta
Fredag 30. august kl 18-21 og laurdag 31. august kl 10-17
og
Laurdag 14. september kl 18-21 og sundag 15. september kl 10-17
Arve Gjellesvik inviterer til bakekurs der ein lærer å baka på gamlemåten med sur-deig. Fredag teori om råvarer, opplæring i baketeknikkar og ein byrjar på deigen. Etterpå lagar ein pizza som ein kan eta så mykje ein ynskjer av. Laurdag gjer ein ferdig deigane, og steiker brød, rundstykke og bollar. Felleslunsj. Pris 1300 kr inkl kurs, kurshefte, bakevarer til ein verdi av 250 kr og mat. Påmelding 4 dagar før kursstart. For info og påmelding tlf. 909 33 703, eller arvegj@start.no

## Gryta hennar mor - utstillingsopning
Ungdomshuset Solvang på Manger
Sundag 1. september kl 15-18
Opning av utstillinga *Gryta hennar mor* med gjenstandar og møblar frå heimen i 1950- og 1960-åra. Sal av kaffi og kaffimat. Arr.: Manger ungdomslag, Radøy mål-lag og Radøy sogelag.
Utstillinga er open kvar sundag kl 15-18 fram til 15. september.

## Kurs i brettsegling
Laurdag 7. september kl 11-15
Toskavegen på Manger
Kr. 500,- per pers. godjord.no Påmelding: bm@godjord.no

## Yoga og brunsj i sjøkanten
Sletta, Radøystova
Laurdag 7. september kl 9-12.30
Moderne tid og behov i møte med tradisjonsmat, tradisjonell byggeteknikk og aust-leg mental og fysisk trening! Kystlandskapet er viktig for rekreasjon for både kropp og sjel. Yoga med brunsjbuffet med bakst frå vedfyrt bakaromn og tradisjonell på-legg frå kystområdet. Yogainstruktør Mona Steiner Brekkan. Yoga kl 9 - 11 Brunsjbuffet: kl 11. -12.30 Pris: 450,- kr. Kun 15 plassar, bindande påmelding yogakjerringa@gmail.no eller 995 37 852 innan 3. sept.

## Familiedag med fiskekonkuranse
Slippen i Sæbøvågen
Sundag 8. september kl 12
Keipane kystlag inviterer til fiskekonkurranse for heile familien. Starten kl 12.30 og fiske til kl 15. Fiskekort kjøpast på Slippen frå kl 12- 15. Veging og kontroll av fis-ken ca kl 15.30. Premieutdeling kl 16. Pris: kr 50,- for einskildpersonar, kr 100.- for familiar. Premiar for mest fisk, størst fisk og for minste fisk (born under 13 år). Det er berre tillate å bruke snøre el. stang. Kystlaget har en del båtar ein kan få låna. Kafé på Slippen, med bl.a fiskesuppe på menyen. Aktivitetar som krabbe- og barkebåtdam og dartkonkurranse.

## Kurs i langbogeskyting
Midgard på Øvre Manger
Sundag 8. september kl 11 - 13
Kurs i bogeskyting, Midgard på Øvre Manger, kr 200,- per pers. Påmelding: bm@godjord.no

## Temakveld om matkultur
Ungdomshuset Solvang på Manger
Fredag 13. september kl 19
Foredrag/kåseri om matkultur. Musikk og servering av tradisjonsmat frå 1950- og 1960-åra. S
jå www.kystsogevekene.no for info og påmelding.
Arr.: Manger ung-domslag, Radøy mållag og Radøy sogelag.

## Fridykkarkurs
Manger
Laurdag 14. september kl 11-18 - sundag 15. september kl 11-15
Laurdag: Teori ved Godjord, bassengøvingar i Radøyhallen kl 16-18
Sundag: Sjødykk v/Toskavegen frå kl 11 og utover dagen
Kr.900,- per pers. På-melding: bm@godjord.no.

## Open gard
Radøy ridesenter på Søndre Solend
Sundag 15. september kl 12-14
Open dag for heile familien på Radøy Ridesenter. Høve til å ri, møta hestar, hundar, sauer og kaninar. Rideoppvisning kl 13. Gratis inngang. Ponniriding: 20 kr pr runde. Sal av vaflar, kaffi og saft. Konkurranse i hesteskokast. Arr: Radøy Ridesenter og Radøy Hestesportklubb.

# Meland

Adm. senter: Frekhaug
Fylke: Hordaland
Areal: 90,4 km2
Folketal pr 1.1.13: 7 347
www.meland.kommune.no




## Eit samfunn for alle

Meland kommune er inngangsdøra til Nordhordland. Nordhordlandsbrua har gjort øykommunen Meland landfast med Bergen. Reisetida frå Bergen sentrum til Frek-haug er knappe 30 minutt. Ein tur over frodige Holsnøy, den største øya i kommunen, viser eit innhaldsrikt kulturlandskap med mange spor etter historia; steinhus, bakkemurar, sjøbruksmiljø og setegardar for kondisjonerte byborgarar. Meland har mange flotte turområde som høver både for dei som vil gå langt og bratt og dei som vil ferdast langs kysten.

Tidlegare i Kystsogevekene var det *Ikkje eit år utan* Melandsrevy i fleire delar av kommunen, og det var *Vestbygdmarsj*. Dei seinare åra har *Kystsogedagane i Meland* vore samla på Holmeknappen, i eit samansett og godt program med utstillingar, både i *Holmestova, Galleri Rustica og Sjøbua*, i tillegg til konsertar, og ikkje minst *DS Oster* sin kveldstur til alle dei gamle dampskipskaiane etter ei rute frå 1934. Eit høgdepunkt er også når dei store moderne Hurtigruteskipa kjem nesten inn til kaien på Holmeknappen og helsar på Gamle Dampen Oster.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

**Open gard på Øvre Sagstad og Øvre Dale**
Sundag 18. august kl 11 - 16
Meland Bondelag inviterer til Open gard hjå Helge & Camilla Henanger og Gro D. & Arne Dalland. Demonstrasjon av vedmaskin og gjetarhund, hesteriding/køyring, traktorsertifikat for born, nålefilting, halding av mjølkespann med meir. Sal av mat på begge gardane. Parkering ved Meland Aktiv, Sagstad Kassefabrikk og ungdomshuset på Dale. Skyttelbuss frå Meland Aktiv til Sagstad frå kl 10.40, kr 20,- pr person t/r. Natursti gjennom marka frå Sagstad til Dale, har ein barnevogn må ein gå vegen eller ta bussen mellom gardane.

**Kystsogedagane i Meland**
Laurdag 24. august kl 11 - 16
Marknad på Holmeknappen:
Sal/ utstilling av kunst/handverksprodukt, utstilling av gamle kjørety og tradisjons-båtar. Aktivitetar for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som fisk, sild, lefser med meir. Open kafé med middag og kaffimat.
Kl 12 Opning av Kystsogedagane ved ordførar Nils Marton Aadland
Kl 12.15 Festforestilling ved *Sangkoret Vågen*
Underhaldning frå scene heile dagen. Musikalske innslag frå lokale aktørar.
*DS Oster* og *MS Vestgar* ligg ved kai, opne for omvising. Ca kl.13.30 håper vi på be-søk av Hurtigruta.
Holmestova: Open for omvising. Teddybjørnutstilling ved Gail Thornton
Sjøbua: Open for omvising. Utstilling: Havinspirert keramikk ved Cathrine F. Hage-sæter
Galleri Rustica: Utstillinga "Frå Hav, Fjord og Kyst" ved Nordhordland Kunstlag og lokale fotoamatørar
Knappen Handleri: Open med eit rikhaldig vareutval.

**DS Oster i rute**
Herdlafjorden kl18 - 23
D/S Oster går tur frå Holmeknappen til 14 gamle stoppestader i Herdlafjorden etter ei båtrute frå 1934. Rekebord, musikk og servering om bord. Billetter kr 300,- kan tingast på tlf 97686875

**Kystsogedagane i Meland**
Holmeknappen
Sundag 25. august kl 11 - 16
Framleis marknad og aktivitetar på Holmeknappen og veteranbåtane ligg ved kai. Utstillingar og ope i H*olmestova, Sjøbua, Galleri Rustica* og *Knappen Handleri.*

Kl 09 Frukost i kafételtet
Kl 11 Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai
Kl 12.15 Konsert ved mannskoret *Navy Vocalis*
Kl 13.30 Kanskje kjem Hurtigruta?
Detaljert program kjem i august. Arr: Arbeidsgruppa for kystsogedagane i Meland.

**Konsert med Arne Olav Hageberg**
Sundag 25. august kl 19
***Galleri Rustica*** på Holmeknappen inviterer til konsert med Arne Olav Hageberg i utstillinga Frå hav, fjord og kyst www.arneolav.no

**www.kystsogevekene.no**

# Osterøy

Adm. senter: Lonevåg
Fylke: Hordaland
Areal: 274,6 km2
Folketal pr 1.1.13: 7 674
www.osteroy.kommune.no






## Utvikling - Samhald - Livskvalitet

Osterøy, er den store innlandsøya ligg omkransa av Osterfjorden, Veafjorden og Sørfjorden. På Osterøy finn du einestående lagsliv, småindustri og rike handverks-tradisjonar. Jordbruket er også viktig som næringsveg. Ein rundtur på Osterøy gjev høve til å oppleva eit spennande kulturlandskap. Fjell og dalar opnar for varierte naturopplevingar og aktivitetar.
Osterøy hadde den offisielle opninga av Kystsogevekene i 2003, med oppsettinga *Osterøy i verda* som den store attraksjonen. I 2010, Ole Bull sitt 200årsjubileum, var det igjen offisiell opning av Kystsogevekene, og spelet *Ole Bull - Fossegrimen på Valestrand* var storsatsinga og hadde urpremiere. Musikkspelet *Trolldom* har vorte framført i tunet på Osterøy Museum dei siste åra.

*Mjøsdalsdagane* finn stad i den trivelege Mjøsvågen i Hosanger med kafe, tresko-fabrikk, galleri, og den har dei siste åra vorte eit kjekt innslag i Kystsogevekene. Elles er Osterøy Museum på Gjerstad alltid aktive både i løpet av Kystsogevekene, og ikkje minst gjennom resten av året.

## Program

**Skulefri!**
Osterøy museum/Gjerstad
Onsdag 14. august kl 12
Kjekke aktivitetar for born i alle aldrar på Osterøy museum. Det vert også Skulefri! 7. august og annakvar onsdag i juli. www.muho.no/osteroy-museum/

**Åse Eriksen i Hosanger Kyrkje**
Open kvar sundag kl 15 - 18
Store fargerike vevnader av vevkunstnaren Åse Eriksen vert presentert i kyrkja, sa-man med enklare kyrkjetekstiler. Utstillinga opnar 4. august og fram til 8. septem-ber vil det vera konsert i kyrkja kvar sundag kl 18-18.30. Unntatt 25. august då det er Musikkgudsteneste 18-18.30.

**Mjøsdalsdagane**
Hosanger
Laurdag 24. august og sundag 25. august
Sesongen i Mjøsvågen avsluttast med *Mjøsdalsdagane*. Her blir det ulike aktivitetar for store og små, leiker, konkurransar, kulturinnslag og triveleg samvær. I Mjøsvå-gen finn du Galleri Mjøsvågen, Treskoverkstaden, Retroloftet og Mjøsvågen kafè, med varm mat. Sjå www.mjøsvågen.no

**Handarbeidstreff**
Onsdag 4. september
Gjerstad/Osterøy kl 12

# Program

**Konsert med Rannveig Djønne og Annlaug Børsheim**
Gjerstad, Osterøy Museum
Tysdag 10. september

**Kurs i oppstadvev, spinning og veving av roggeband**
Gjerstad/Osterøy museum
Onsdag 11. september - sundag 15. september
Veve tradisjonelt åkle, brokvitel
Spinning frå grunnen av, og ullkunnskap
Roggeband, veve hovudbunad som ugifte kvinnene brukte

Sjå meir om kursa www.muho.no/osteroy_museum. Samarbeid med Hordaland Husflidslag. Nordatlantiske handverkstradisjonar. Kursavgift

**Den gamle verdsveven**
Gjerstad/Osterøy Museum
Laurdag 14. september
Seminar. Sjå meir på www.muho.no/osteroy_museum

www.kystsogevekene.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Bergen

Adm. senter: Bergen
Fylke: Hordaland
Areal: 465,4 km2
Folketal pr 1.1.13: 267 950
www.bergen.kommune.no











Bergen fekk bystatus av Olav Kyrre i 1070. Tørrfisken var basisen for handelen og byen sin framvekst. Bergen er framleis ein viktig hamneby i Noreg, med cruiseskip, lasteskip og som hamn for fiskeflåten ved dårleg ver. Eit av *Håkonarspela*, *Håkon Adalsteinfostre* av Johannes Heggland, har si handling frå Håkonshella, kor Håkon både vart fødd og døydde. I Kulturbyåret 2000 vart dei fire spela om Håkon den Gode vist som ei heile på Bergenhus Festning, då vart også Kystsogevekene 2000 opna offisielt i Bergen.

Dei siste åra har ikkje Håkonarspelet vorte sett opp i Bergen, men *Bergenhusdagane* har vorte med i Kystsogevekene, og her kan publikum sjølv få oppleve middelalderen med marknad, aktivitetar, omvisingar, riddarar og middelaldermenneske.

*Sandviksdagene* viser Bergen som kystkulturby med aktiviteter kring Kystkultursenteret i Bergen som viktige aktørar. Fjordabåtane brukar Bergen som sin sitt utgangspunkt for turar til omlandet. Kystbyen Bergen var også arena for opninga av Kystsogevekene 2008, då *The Tall Ships Races* var i Bergen. *Torgdagene i Salhus* har også etterkvart vorte ein tradisjon, i år vert det også truleg fleire veteranbåtar som vil ligge til kai og ta småturar på fjorden. At det er *Gøy på landet,* er noko også dagens oppveksande generasjonar får oppleve når Hordamuseet har sitt årlege familiearrangement. I år er også den nye *Båthallen* opna og det vert ekstra fokus på kystkulturen også her.

Reiseliv sjå www.visitbergen.com

## Program

**Gøy på landet**
Hordamuseet/Stend
Sundag 25. august kl 11-16
Kle deg opp i gamaldagse klede og opplev liv og røre i og kring dei gamle husa på Hordamuseet. Møt båtbyggjaren, smeden, landhandlaren, bestemor i Madlastova og skulelæraren. Ro eller segl ein tur på Fanafjorden, ri på hest, lag hoppetau på reperbane. Leikar på skuleplassen, sprettert, strikkbåtar og hesteskokasting.Garnbøting. Lær båtknutar, lag din eigen trebåt eller krabbefangar. Open landhandel og kafé med fiskesuppe og nysteikte fiskekaker, kjøp og smak fritert brisling eller nysteikt flatbrød. Musikk ved Fanaduren. I Båthallen er båtbyggjar Hallgeir Bjørnevik i arbeid med ny Oselvar. bymuseet.no
Hordaland Teater visar "Egget" for born frå 4 år, i teatersalen kl 14 Sjå www.hordalandteater.no Eigne prisar.
Framsyninga *"Spelet om brugdefangsten"* v/Jan Tufteland m.fl. i Tøsdalsløa kl 17. I den nye Båthallen kan ein sjå brugdebåten og andre tradisjonelle klinkbygde båtar fram til kl 17.

# Bergen

# Program

## Spelet om brugdefangsten

Stend/Hordamuseet
Søndag 25. august kl 17
Gjennom musikk, dikt og drama vert vi med på harpunfangst etter den nest største fisken i verda. Lokalhistorikaren og lyrikaren Johan Tufteland kjende sogene kring denne spennande fangsten som i dag er gløymd. Han formidla mykje kunnskap frå det gamle fiskarlivet i skriftene sine. Nye generasjonar Tufteland formidlar dette vidare - Jan Tufteland, fløyte/komposisjon. Sønene Endre og Tormod er med på marimba og trommer. Premiere og boklansering under Kystsogevekene: I år er det 100 år sidan Johan Tufteland vart født og det kjem ei fin lita bok med utvalde dikt, prosa, omsetjingar, salmar og brev. Noko har ikkje før stått på trykk. Bill. kr 150,- kjøpast før framsyninga eller i kafeen på Hordamuseet frå 6.aug. Få plassar, nytt høvet! www.bymuseet.no

## Torgdagene i Salhus

Torget /kaien i Salhus
Laurdag 31. august og sundag 1. september kl 12-17
Lokale kunsthandtverkarar og frivillige organisasjonar i Salhus inviterer publikum til *Tordagene* med ein mengde aktivitetar for born og vaksne. Kunsthandtverkarar, matprodusentar og andre syner og sel produkta sine. Idrett, fotball, turn, musikk og song kan opplevast i ulike konkurransar. Frå scena får publikum oppleve song, musikk og noko nytt og spanande.
***Norsk Trikotasjemuseum*** i Salhus har ope laurdag og sundag med omvisingar, film, utstilling, kulturminneløype, arrangement for barn, kafe og museumsbutikk kl. 12 – 17.
***Levande fabrikk*** sundag 1. september. Gå rundt i fabrikken og prat med tidlegare tilsette ved Salhus Tricotagefabrikk som demonstrerer nokre av maskinene våre. Skiftande utstilling: LUDO UTOPI av Øyvind Pål Farstad muho.no

## Sandviksdagene

Sandviksboder Kystkultursenter
31. august og 1. september
*Sandviksdagene* er det største enkeltarrangementet Sandviksboder Kystkultursenter deltar i. Her er det gratis båtturar, fiske på Byfjorden, omvising i historiske sjøbodar, modellbåtkjøring, opne utstillingar i fiskerimuseet, kjøring av gamle båtmotorar, gjestande veteranskip, og mykje, mykje meir. www.kystkulturbergen.no

## Sandviksdagene i Gamle Bergen

31. august og 1. september kl 9 - 16
Gamle Bergen Museum markerar siste opne dag i sesongen med deltaking i *Sandviksdagene* og gratis adgang på sundag. Opne hus med aktørar som er med på å levandegjere historia. bymuseet.no

## Bergenhusdagene

Bergenhus Festning
7. og 8. september kl 12-16
*Bergenhusdagene* formidlar middelalderens Bergen og Bergenhus, og er det største middelalderarrangementet i Hordaland. Hovudmålgruppa er barn og barnefamiliar, og arrangementet gjev spesielt barna høve til å lære og la seg underholde gjennom aktivitetar som fokuserar på middelalderen: pil og bogeskyting, hoffskole, sverdkampskole, middelalderverkstad, steiking av middealderbrød, trebuchetskyting, omvisingar og konsertar - for å nemne noko. Vi har også et middelaldermarked, der man får kjøpt alt det hjertet kan begjære. Arr: Bymuseet i Bergen, Statsbygg Vest, Kommandantskapet på Bergenhus og Nasjonale Festningsverk www.bymuseet.no www.facebook.com/bergenhusdagene

## Bergen Matfestival - Bønder i byd'n

Helgen 7. og 8 september er *MS Granvin, DS Oster* og *DS Stord 1* med på matfestivalen.

## Tur til Modalen med *DS Oster*

Sundag 8. september
Frå Bergen kl 09 Leknes kl 10, Hosanger kl 11, Ostereidet kl 11.30, Tysse kl 12, Vikanes kl 12.40 til Mo kl 14.

Retur kl 16.30, Vikanes kl 17.50*), Tysse kl 18.30, Ostereidet kl 19, Hosanger kl 19.30 til Bjørsvik kl 20.

*) Veteranbuss frå Vikanes kl 17.50, Knarvik kl 18.30, til Bergen kl 19.10
www.oster.no

**www.kystsogevekene.no**

# Askøy

Adm. senter: Kleppestø
Fylke: Hordaland
Areal: 100,5 km2
Folketal pr 1.1.13: 26 831
www.askoy.kommune.no








Askøy vart knytt til fastlandet med Askøybrua som vart opna i 1992. Avstanden mellom det kommunale administrasjonssenteret i kommunen, Kleppestø på søre Askøy til Bergen sentrum er 14 km, og avstanden frå Kleppestø til Herdla heilt nord er 28 km.

Askøy har rikt kulturliv, og har gjennom tidene har mange arrangement under Kystsogevekene. Særleg i Strusshamn er det mykje kystkulturaktivitet.
Herdla museum var i fleire år drivkrafta bak Herdladagen. Det siste året har det vore fokus på Aktivitetar på Herdla fort, og mange partar er med og tilbyr mykje spennande aktivitet, får turlag, vikinglag, ornitologi, museet med krigshistorie og ope fort. Hanevikdagen har vorte arrangert dei siste åra, her er det fokus på kaien og gamal kommunikasjon over fjorden. Her er det nostalgi, rokonkurranse, kunst og brukt, aktivitetar for store og for små. I år vert det aktivitetar på Hanevik og på Herdla.
Reiseliv sjå www.kysteventyret.no

## Program

### Hanevikdagen

Søndag 1. september kl 12-17
I omlag 130 år var Hanevik eigen skolekrets. Her ligg to gamle skolehus, men i dag reiser alle ut av bygda for å lære. Eller gjer dei det? Hanevik var eit knutepunkt i si tid, og her er det vi inviterar til Hanevikdagen 2013. Tema i år er skole og læring. Ta gjerne på klede frå ”gamle dagar”.
Veteranbuss frå Ask kjem til Hanevik kl 12
Båtrute/båt ved kaien
Kl 12 Opning og velkomst på kaien. Kulturinnslag.
Salsbodar og utstillingar opnar
Kl 13 Foredrag knytt til årets tema
Kl 14 Underholdning, kulturelle innslag, leiker og aktivitetar i naust og på kaier. Matservering i bodar og naust. ***Rokonkurranse***
Kl 17 Avslutning
Buss går i retur til Ask. Inngangspris: Ti for de store og ti for de små. Arr: Hanevik velforening

### Aktivitetsdag på Herdla fort

Søndag 1. september kl 10 - 16
Aktivitetar for heile familien: turløype, taubane, grilling, vikinghandverk og foredrag, ringmerking av fuglar mm. Open flyutstilling og torpedobatteri. Kafè. Gratis inngang! Arr. Askøy turlag, Askøy kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Herdla museum, Askøy vikinglag, Herdla sokneråd

# Øygarden

Adm. senter: Rong
Fylke: Hordaland
Areal: 66,6 km2
Folketal pr 1.1.13: 4 563
www.oygarden.kommune.no









Ei rekkje øyar, holmar og skjer utgjer Øygarden; heile 500 ved fjære sjø. Etter at ein fekk ferjefritt samband har kommunen vore i ei rivande og utfordrande brytningstid kjenneteikna mellom anna ved jamn og stor folkeauke og mange nye etableringar innan næringslivet. Dei viktigaste næringsvegane er knytte til sjøen. I dag er kommunen leiane innan havbruk og fiskeoppdrett. Frå sjøen kjem også olje og gass til industrianlegg som gjev kommunen stor utvikling og viktige arbeidsplassar. Regio-nen har og gode vilkår for friluftsliv, fiske og sjøsport.

Gjennom åra har det vore varierte arrangement i Kystsogevekene, det har vore Kyst-sogedag, Kapproing, dramatisering av historiske hendingar og filmframsyningar. Dessutan dramatisering av Egil Skallagrinssons si vitjing til Øygarden på 900-talet, og ikkje minst fiskefestival. I nokre år vart det arrangert Vestkystfestival i Øygarden og på Sotra. Kystmuseet i Øygarden har fått eit flott uteamfi som mange store om mindre artistar gjesta. I år kjem Jan Eggum og Halvdan Sivertsen.

## Program

### Hellesøydagen

Laurdag 10. august 2013 kl 10 - 16
Familiearrangement med ulike aktivitetar for store og små. Stor marknad med sal av lokal mat, kunst- og handverk, open kafé og grilling.
***Laurdagskafe på Hellesøy bedehus*** Open kl 10 - 16
Kulturelt innslag, bok-sal. Utlodding med trekning kl 13
***Dans på Hellesøy kafe kl 21*** Billettar Kiwi, Spar Tjeldstø og Hellesøy Landhandel
Arr. IL. Skjærgard/ i samarbeid med dugnadsgjengen på Hellesøy/ Bakken NMU

### Utekonsert med Jan Eggum & Halvdan Sivertsen

Kystmuseet i Ovågen
Fredag 30. august kl 20
Utekonsert i amfiet ved Kystmuseet. Billettar på Billettservice, pris 445.- + avgift. Barn berre i følgje med vaksne.

### Laurdagskafe på Hellesøy bedehus

I august/september: kl 11.30 - 13.30 Open 2.kvar laurdag
Laurdag 24. august, 07. september, 21. september
Velkomen til ei sosial hyggelig stund nord i Øygarden: Boksal, leikekrok for born, lynlotteri med trekning kl 13
Arr. Bakken NMU/ LivogLyst Sjå www.visithellesoy.no/# eller http://5334.no/

# Fjell

Adm. senter: Straume
Fylke: Hordaland
Areal: 148,1 km2
Folketal pr pr 1.1.13: 23 277
www.fjell.kommune.no



Fjell kommune grensar i sør til Sund, i aust til Bergen, i nord til Øygarden og i vest til storhavet. Kommunen er fordelt på nordre delen av Sotra, Litle-Sotra, Bildøyna og om lag 270 større og mindre øyer og holmar. Overalt i kommunen har du lett tilgong til rike natur- og kulturopplevingar: Du kan slengja ut snøret og få deg ein kokefisk, du kan bada og driva sjøsport, du kan vandre over blankskura svaberg, knausar og koller, du kan nyte fuglesongen i bjørk og kratt, fargespelet i lyngen og lukta av brake. Steingardar og heimebøar, naust og bryggjer, trebåtar og nothengjer er storslåtte minne over ein smålåten kultur.
Kystsogevekene 2006 vart offisielt opna på Fjell festning, og festen hald fram mellom anna på Langøymarknaden. I ei årrekkje var det skipa *Vestkystfestivalen* på Sotra og i Øygarden. I fjor vart den første *Juuhl litteraturfestival* arrangert for å heidre forfattaren av Det grå riket og Havstrilen. I år vert det Juuhl alt i september.
Også i år vert det marknad på Langøy Kystkultursenter, her vert den gamle kulturen hylla med husflid og handverk i sjøhus og naust og med bryggedans på kvelden.

## Program

### Open kafé på Langøy Kystkultursenter

Sundag 11. august og 18. august kl 12 - 16
Representantar frå Fjell kystlag, Lokøy Velforening og Algrøy Bygdalag mfl held ope Langøy kystkultursenter på sundagar. Kafé med kaffi, skillingsbollar, lefser, brus og is. Også ope 4. august. På Langøy er det fint friluftsterreng med fin badevik og gode havneforhold.

### Langøymarknaden

Langøy i Fjell
Laurdag 24. august og sundag 25. august kl 12-17
Den tradisjonsrike *Langøymarknaden* på Langøy Kystkultursenter med open marknad med utstillingar og sal av varer, underholdning for barn og vaksne, riding, framsyning av husdyr mv. Sal av nysteikte skillingsbollar frå eige bakeri. Publikum med båt er også velkomne, dei vil bli vist plass til fortøying. Arr: Fjell kystlag, Lokøy Velforening, Algrøy bygdalag mfl

### Naustdans på Langøymarknaden

Laurdag 24. august kl 21
Dans med levande musikk og sal av mat og forfriskingar.

### Juuhl litteraturfestival

Fredag 30. august - sundag 1. september
Fredag 30. august
***Opning av Juuhl litteraturfestival 2013***. Fjell folkeboksamling. Stemmerettsjubileet blir markert med ei utstilling som omhandlar sterke kvinner frå Fjell. Møte med forfattaren ***Maria Parr.*** Fjell rådhus, kultursalen. I regi av Sotra Mållag. Meir program kjem, følg Juuhl Litteraturfestival på Facebook

### Kom bli med på landet

Liaskjærshallen
Fredag 6. september kl 19
Ei førestilling med songar av Johannes Kleppevik. Publikum får innblikk i kystkulturen i Fjell fra 60- og 70-tallet gjennom fortelling, korsang, regi, skuespel og allsang. Nyoppdaga songar som Johannes har skrive, men ikkje utgitt. Sigrid-Marthe Kleppevik er med og fortel om faren Johannes Kleppevik. Kjente songar som «Kom bli med på landet», «Oldefar», «No kjem ein vals» m. fl. Arr: Fjellkoret med musikarar.

### Kulturvandring til Høybøen

Sundag 15. september
Buss frå Straume terminal klokka 11 til Vindenes. Nærmare program vert sett opp i samråd med fleire samarbeidspartar, men vi kan røpe at det m.a. blir fokus på sterke kvinner og menn i Fjellsamfunnet, og smak av steinalder på Høybøen.

# Sund

Adm. senter: Skogsvåg
Fylke: Hordaland
Areal: 99,7 km2
Folketal pr 1.1.13: 6 514
www.sund.kommune.no





## Livet ved havet

Verdikommunen Sund ligg sør på Sotra og har ein praktfull natur mot kysten og havet. Lokale natur- og kulturopplevingar og kulturhistoriske verdiar er fokus for Sund kommune. Det vert lagt vekt på trygge bumiljø, gode oppvekstvilkår og aktiv medverknad i ein desentralisert krinsstruktur. Sund satsar på levande nærmiljø med god livskvalitet. Kommunen er og aktiv med i samarbeidsprosjekt i regionen og i internasjonalt kulturarbeid. Barn og unge har hovudfokus i arbeidet med vern, vekst og utvikling.

Sund var vertskap for den offisielle opninga av Kystsogevekene 2012 på Glesvær, ein fantastisk dag som omfatta mykje at det Sund byr på elles også i Kystsogevekene, kulturvandring, grottekonsert, god musikk på ungdomshuset. Glesvær er også arena for *Periferifestivalen* – der havsus møter populærmusikk. I Skogsvåg har dei også fleire gonger skipa til Kvalfestival med eige spel og iscenesetting av kvalfangst og andre spektakulære innslag. *Nordsjøfartmuseet* og Telavåg er andre viktige arenaer.
Også i år vert det *Periferifestival*, og Kysttreff i Trellevik, med Galeasen Loyal som viktig innslag, der skuleelevar får aktivitetstilbod om bord, og publikum på arrangement dagen etter får gå om bord og oppleve seglskuta.
Reiseliv sjå www.kysteventyret.no

## Program

### Vestlandsforteljing - Frå notbu til hytteparadis i Telavåg

Telavåg - Selstø
Tysdag 13. august kl 13
Frå Nordsjøfartmuseet i Telavåg går turen i Nordsjøløypa til Selstøbuene, noko av det einaste som var att etter Telavågtragedien i 1942. Selstøbuene ligg ytst ved ha-vet, og vart nytta som garnbuer i samband med fiske. Folk budde i desse buene både under og etter krigen. På denne turen får du innblikk i fiske før i tida, terror-handlinga i Telavåg i 1942 og etterkrigstida. Forteljinga føregår ute, og ein må gå 1 km i terrenget for å koma til Selstøbuene. Terrenget kan vera vått. Møt opp, kjøp billett hos forteljaren. Oppmøtestad: Nordsjøfartmuseet i Telavåg. Rutebuss (450-459) frå Bergen. Denne turen kan ein bestilla etter avtale heile året og på engelsk, kontakt Nordsjø-fartmuseet i Telavåg. Denne turen går kvar tysdag frå 9. juli til 13. august.

### Periferifestivalen

23. - 24. august
Periferifestivalen er ein festival for deg som vil oppleva god musikk i eit unikt festi-valmiljø. I havgapet sørvest på Sotra ligg Glesvær, det perifere sentrum for Periferi-festivalen. Bygda, havet og naustmiljøet gjev stemning og atmosfære - der havsus møter populærmusikk. Konsertane kan du nyta ved utescena som ligg på den gamle handelstaden i sjøkanten, i eit naust, på eit svaberg, frå ein båt.

*Timbuktu & Damn, Kvelertak, BigBang, Lars Vaular, Odd Nordstoga & Ingebjørg Bratland* er mellom artistane som kjem i år. Sjå heile programmet på www.periferifestivalen.no

### Kystsogedag med Loyal

Forlandsvågen
Torsdag 5. september
Skuleklasse frå Stranda skule vert inviterte ombord i galeasen Loyal til aktivitetar ein heil skuledag. Arr. Den kulturelle skulesekken, Sund kommune

### Kystsogedag med Loyal

Trellevik kystkultursenter
Laurdag 7. september kl 14
Sjøaktivitetar for heile familien. Store og små båtar, kajakkar og kanoar, øyhopping og grilling. Galeasen Loyal ligg til kai og tar i mot besøk. Fest i Bygnaden om kvel-den. Arr. Trellevik kystkultursenter

### Kulturminnedag på Fredens bolig - kyrkjegarden ved havet

Lokavika i Telavåg
Sundag 8. september kl 11
Friluftsgudsteneste. Avduking av minnetavlene over dei gravlagde. Kulturprogram

**www.kystsogevekene.no**

# Austevoll

Adm. senter: Storebø
Fylke: Hordaland
Areal: 117,2 km2
Folketal pr 1.1.13: 4838
www.austevoll.kommune.no






### Austevoll - ut mot hav

Austevoll er den største fiskerikommunane i Norge med stor aktivitet innanfor den havgåande fiskeri. Kommunen har totalt 667 øyar, holmar og skjer. Austevoll er knytt i saman av ei mengd bruer, og då den nyaste er brua mellom Huftarøy og Hundvåkøy vart opna i 2007, vart 97 prosent av austevollingane knytte saman med vegsamband.

Kystsogehelga i Bekkjarvik er eit stort og årvisst arrangement. Gjennom åra har det vore mange flotte torgdagar i Bekkjarvik og flotte konsertar eller førestillingar med den gamle nottørka Hengjo, som arena. Nattkonserten i Stolmen kyrkje høyrer også til Kystsogehelga i Bekkjarvik, og same gjer utegudstenesta sundagen der presten står på Skjeret. Kystsogevekene 2004 vart offisielt opna i Bekkjarvik.

Stolmen og Kvalvåg har også gjennom åra vore arenaer for gode kystkulturopplevingar. I år får vi sjå ein spennande førestilling om Brugdefangsten, både på Stolmen og i Bekkjarvik.

Reiseliv sjå www.visitaustevoll.no

## Program

### Spelet om brugdefangsten - risikosport anno 1770

Stolmen/Stangeland gard
Laurdag 10. august kl 17
og
Bekkjarvik/Hengjo
Sundag 11. august kl 14
Gjennom musikk, dikt og drama vert vi med på harpunfangst etter den nest største fisken i verda. Lokalhistorikaren og lyrikaren Johan Tufteland kjende sogene kring denne spennande fangsten som i dag er gløymd. Han formidla mykje kunnskap frå det gamle fiskarlivet i skriftene sine. Nye generasjonar Tufteland formidlar dette vidare - Jan Tufteland, fløyte/komposisjon. Sønene Endre og Tormod er med på marimba og trommer. Premiere og boklansering under Kystsogevekene: I år er det 100 år sidan Johan Tufteland vart fødd og det kjem ei fin lita bok med utvalde dikt, prosa, omsetjingar, salmar og brev. Noko har ikkje før stått på trykk.

### Kystsogehelg i Bekkjarvik

Laurdag 17. august og sundag 18. august
Mykje liv og kystkultur samla på ein stad. Det blir marknad og underhaldning. I det særprega konsertlokalet Hengjo, den gamle nottørka, får også publikum ein stemningsfull konsertaften.
Laurdag 17. august
kl 10 Torgdag på kaien
Kl 12 Offisiell opning av Kystogehelga i Bekkjarvik
kl 15 Rokonkurransen ***Årets sildajenter.*** Det blir kappestrid der damene får syne fram sine samarbeidsevner og kunnskap i tradisjonell roing med mange par årer
kl 16 *Chablislounge* på terrassen hos Bekkjarvik Gjestgiveri
***kl 19 Bjørn Eidsvåg, solo i Hengjo***
kl 22 - Midnattskonsert i Stolmen kyrkje: gospeljazz med ***BigHorn*** frå Sykkulven, havfruene og lokale solistar
Sundag 18. august
kl 12 - Utegudsteneste i Bekkjarvik Gjestehavn.
Bekkjarvik Torg held sundagsope kl 13-17

# Os

Adm. senter: Osøyri
Fylke: Hordaland
Areal: 139,8 km2
Folketal pr 1.1.13: 18 142
https://oskommune.no



## Os inspirerar

## Det ligg ei bygd mellom fjordar og fjell...

Os ligg veg Bjørnefjorden, der kyst- og fjordlandskapet møtest. Os kommune er nærast granne til Bergen, og her bur det over 17 000 menneske. Osøyro er strandstaden som har vakse til ein moderne bygdeby. Os kommune har ein båt under ei stor rose og ni stjerner i kommunemerket. Det symboliserer dei to handverka bygda er mest kjend for, rosemåling og båtbygging.
Os var vertskap for den offisielle opninga av Kystsogevekene 2011, og sjølvsagt var Oselvaren i fokus også då. Oselvarfestivalen har vore med i Kystsogevekene ei lang årrekkje. Den årlege opninga av Kystsogedagane i Os som finn stad i Søre Øyane, med oselvaregatta og fiskekonkurranse. Vedholmen Galleri har også alltid utstil-lingsopning same dag, og publikum brukar også få høve til å få med seg moderne kystkultur i form av at fiskebåten Hargun brukar å ha ope skip. I Os er også Kulturminnedagen alltid sterkt markert, og i år er det ikkje unnatak, i stemmerettsjubileumsåret er det oskvinnene som står i sentrum.

## Program

### Opninga av Kystsogedagane i Os

Laurdag 17. august
Søre Øyane/Bunnpris på Bruarøya

Fiskekonkuranse, seglregatta, stands, utstilling, opne båtar og liv på kaien.
Kl 11.30 Opning på Bunnpris
Kl 12.30-16 Opning Utstilling ***Vedholmen Galleri,*** Sundøy. *"Opne Hav - Vetla Vika"* J. Kreschmer (Tyskland), viser maleri og J. Raddatz ( USA), stiller ut skulptur inspirert av Vestlandet. Utstillinga står til 15. september www.vedholmen-galleri.com
Kl 12 -15 Open båt på *Hargun*
Kl 12.30-14.30 Fiskekonkurranse for heile familien, påmelding frå 11.30
Kl 12.30-14.30 Kappseglas med Oselvar, Milde Båtlag/ Oselvarklubben
Kl 11.30-15 Stand, lotteri og vaflar ved Søre Øyane Sanitetsforening
Fiske- og betasuppe frå Bunnpris
Kl 15 Premieutdeling og avslutning
Kl 19 Bygdedans i ungdomshuset ved Ungdomslaget Vårvon

### Oselvarfestival og Bondens dag

Laurdag 24. august
Osøyro
Aktivitetar i og ved Oselvo i den årlege *Oselvarfestivalen*, og *Bondens dag* med marknad, torghandel, aktivitetar og underhaldning på kyrkjeflaten og i sentrum
Kl 10 Marknad og utstilling i sentrum og kyrkjeflaten
Kl 11-14 Ope hus i *Oselvarverkstaden*
Kl 11.30 Defilering med oselvarar på Oselvo
Kl 12 Os *Mannskor* syng shantyviser
Kl 12.30 Oselvarar ligg klar for gratis utlån til publikum
Sal av vaflar og kaffi med musikk i *Oselvarnaustet*

### Kulturminnedagen - Kvinneliv dei siste 100 åra

Laurdag 14. september kl 12
Osøyro/Os folkebibliotek
Os folkebibliotek presenterer utstilling med tema Kvinneliv dei siste 100 åra
Foredrag ved ***Elisabeth Aasen:*** 1814-1913, kvinners vei til stemmerett
Stortingsrepresentant ***Laila Marie Reiertsen***: Kvinne på Stortinget i 2013
Musikkinnslag og kaffiservering

**www.kystsogevekene.no**

# Fusa

Fylke: Hordaland
Administrasjonssenter: Eikelandsosen
Flatemål: 378,8 km2
Folketal pr 1.1. 2013: 3 818
www.fusa.kommune.no






## Fusa - midt i blinken!

Fusa ligg i det frodige og opne fjordlandskapet i Midthordland. Kommunen har ei lang kystline på ca 198 km med mange holmar og skjær og næringsvegane har vore prega av kystkulturen. Tidlegare var Fusa stor på produksjon av tretønner for fiskeria. I dag er fiskeoppdrett ein viktig leveveg. På kultursida er Fusa prega av at ein har mange livskraftige bygder og grender med trygge oppvekstmiljø og mykje organisert aktivitet, særleg for barn.

Då Fusa kom med i Kystsogevekene i fjor vart *Kystsogedagen i Engevik og Engevikhamn* arrangert, og den nyoppretta kulturvernprisen, Anders Kåre Engevikprisen var delt ut for første gong, velfortent til eigarane av dei to anlegga på Engevik. I fjor var det også ein vellukka Kystdag på *Boga*.

I år slår dei på stortromma på Engevik, sidan det er 250 år sidan grunnleggjaren av offisersgarden Engevik gard, danskfødte Christian Wilhelm Segelcke, døydde i 1763.

## Program

**CW Segelcke 250 -årsmarering Engevik Gaard**
Laurdag 24. august kl 11
***Kong Fredrik den 4. tambouravdeling af 1704*** frå Fredrikstad er hovudattraksjon. Tambouravdelinga har kopiert både uniformar, utstyr og eksersis frå tidleg 1700-tal. Engevik vil syda av liv med både kommandorop, tromming, saluttering og oppvising som vil gje eit innblikk i soldat- og offiserslivet på 1700-talet og Engevikmiljøet i fordums tider. Spennande for folk i alle aldrar!
***Vengebåt frå Rosendal kjem***, ein båttype som også generalmajoren disponerte.
Utstilling om den lokale ***tamburtradisjonen***. I Fusa vart det spelt til bryllaup til inn på 1950-talet. Midthordalandsbygdene var eit kjerneområde for slåttetromma.

kl 15 *KNM Hitra* kjem til kai med delegasjonen frå forsvaret, "Shetlandsbussen" *KNM Hitra* gjorde teneste under 2. verdskrig.
kl 15.30 Avduking av minnesmerke over generalmajoren i hagen på Engevik, ved generalinspektør for sjøforsvaret Bernt Grimstvedt. Minnesmerket er utforma av Os-kunstnaren Arne Mæland.
Kl 16.30 ***Festmiddag*** på ungdomshuset Breidablikk med kåseri av historikar Sven-Erik Grieg-Smith, musikalske innslag frå tamburavdelinga og utdeling av ***Anders Kåre Engevikvernprisen 2013***.
Segelcke var i si tid sjef for Søndre Bergenhus infanteriregiment fram til han døydde i København 81 år gamal! Det siste han gjorde var å leia ein norsk bataljon i forsvaret av København og grensa for det dansk-norske riket ved Holstein i samband med sjuårskrigen. Segelcke var ein mektig mann i si samtid. Han eigde kyrkjene og kyrkjegods i dåverande Ous prestegjeld og bygde opp Engevik gaard som offisersgard. På 1700 var dette eit regionalt maktsentrum og i dag eit unikt nasjonalt kulturminne. Arr. Sævareidfjorden ungdomslag

# Tysnes

Fylke: Hordaland
Areal: 255,2 km2
Folketal pr. 1.1.13: 2 736
www.tysnes.kommune.no







**Tysnes - Gudeøya Tysnes**
Tysnes ligg i hjarta av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka. Blankskura svaberg, fjell- og furuskog, skjergard, stupbratte fjellsider og område med fjelltoppar på over 750 meter. Gudeøya Tysnes - framtid på historisk grunn er motto for kommune. Njardarlog er det gamle namnet og gudeøya er eit tilnamn som spelar på dette gamle namnet og tilknyting til hav- og grødeguden Njord og til det noverande namnet Tysnes med referansar til guden Tyr. Tysnes er ei mytisk øy med mykje kultur og historie. På Onarheim var det Olavsgilde.

Tysnes har vore aktiv i Kystsogevekene, og både rekkjetunet på Færavåg, Årbakka og Saltebuo har vore arenaer for ulike arrangement. Tysnes er heimstaden til Johan-nes Heggland som har betydd så mykje for Kystsogevekene, gjennom *Håkonarspela*. I år vert det skipa eige arrangement som set fokus på Heggland sine kvinneskikkelser.

Reiseliv sjå visitsunnhordland.no

## Program

### Dansegalla i Tysneshallen
Våge
Laurdag 17. august kl 20 - 02
Tradisjonen tru vert det non stop dans Bris på scena. Øl, vin, mineralvatn og hot dog frå baren! Bubilcamp ved hallen og tilgang til toalett. Gjestehamn i Våge. Arr. Tysnes musikklag

### I ljoset frå eld og ljore
Onarheim, Seløystova
Måndag 26. august
I ljoset frå eld og ljore - den gamle årestova, bustad gjennom 1000 år er eit program med kulturarbeidar Ole Didrik Lærum, fylkeskvedar Reidun Horvei og fløytist Laila Kolve. Her får me høyra korleis dagleglivet utfalda seg; kva folk fortalde, spelte og song kring den opne elden. Framsyninga tek omlag ein time, og høver godt både for vaksne og born. Arr. Sunnhordland museum og Museumslaget på Tysnes

### Kvinner i politikken på Tysnes
Skorpo skule
Sundag 1. september kl 15
Tysnes sogelag skiper til eit lite seminar om kvinner i lokalpolitikken. Dette året er 100 år sidan det var innført ålmen røysterett i landet vårt. Korleis vart utviklinga med kvinner i lokalpolitikken. Var det likevel mennene som fullstendig rådde grunnen fram til 1970-talet? Om kvinner i lokalpolitikken etter 1913
Program:
Jakob Gullberg: "Kvinner i lokalpolitikken"
Dei fyrste kvinnene i lokalpolitikken i Tysnes, info om føredragshaldar kjem. Arr. Tysnes sogelag

### Husflidsmesse i Tysneshallen
Våge
Laurdag 7. september og sundag 8. september
Arr: Tysnes husflidslag

### Johannes Heggland - kvinneskikkelser i forfatterskapen
Saltebuo på Nedrevåge
Laurdag 7. september kl 18
Forteljar og dramatiker Johanne Øvstebø Tvedten framfører "Anna Gyria" av Johan-nes Heggland.
Marianne Tvedt framfører nokre av "Oldemorsongane".
Salmar og songar av olde-mora Cecilie Peternille Vernøy.
Inngongsbillett. Høve til å kjøpa mat. Arr. Heggland-komitéen, Tysnes sogelag, Tysnes bondekvinnelag, Kulturarbeidsgruppa og Tysnes kommune

# Fitjar

Adm. senter: Fitjar
Fylke: Hordaland
Areal: 142,8 km2
Folketal pr 1.1.13: 2 980
www.fitjar.kommune.no



## Det nære øyriket

Fitjar er kjend som sogebygda i Sunnhordland, Håkon den Gode var sterkt knytt til Fitjar, og *Håkonarspelet Kongen med gullhjelmen* har vorte sett opp her med jamne mellomrom. Det første Kystsogevekene vart i 1997 offisielt opna på Fitjar med urframføringa av *Håkonarspelet*. Fitjar ein livskraftig kommune i vekst. Her er ein fantastisk skjergard og det vert hevda at det er like mange øyar utanfor Fitjar som det er dagar i året. I fjor vart det store kunstprosjektet *5000 generations of birds* gjennomført med kunstinstallasjonar i Fitjarøyane.

*Fitjarfestivalen* har vorte arrangert fleire gonger, men fjorårets som den største satsinga så langt. Den tradisjonsrike *Fiskefestivalen* var ein naturleg del av *Fitjarfestivalen*. Det same var vandring i kulturløypa med attraksjonar og kulturminne i Fitjar. Fitjar kultur- og idrettsbygg er ein mykje brukt arena, som er nytta både under *Fitjarfestivalen*, og til *Sogekveld* på Kulturminnedagen, kor vi mellom anna får eit lite utdrag av *Håkonarspelet*.

## Program

### Fitjarfestivalen

8. - 11. august

Det vil verta program både for små og store festivaldeltakarar. Til dømes den årvisse fiskefestivalen, program og aktivitetar for dei minste, ungdomsdiskotek, Festival Jam, konsertar og dans. Festivalen si bodgate vil innehalde blant anna både lokalprodusert handarbeid og kunst samt kortreiste matvarer frå distriktet rundt Fitjar.
www.fitjarfestivalen.no

Torsdag 8. august
Temakveld/konsert i kyrkja med ***Sigvart Dagsland*** kl 19.30

Fredag 9. august
Opning av festivalen kl 16 på kaien
Bodgata opnar (stengjer kl 18)
Underhaldning av lokale artistar
Jam på Fitjar Kultur og idrettsbygg 20

Laurdag 10. august
På Kaien:
Bodgata opnar kl 10
***Fiskefestival*** startar kl 11
Underhaldning av ulike lokale artistar
Frode Aga, Geir Skeie og Martin Nyseter har matprat
***Dokketeater*** i Fitjartun kl 12 (eit stykke av Dukkenikkerne)
Bodgata stengjer kl 16
kl 18 konsert på kaien med ***Admiral P***
I sentrum:
Utstilling av veteranbilar. Ulike dyr frå bondegarden
På Fitjar Fjordhotell:
Eit 7-8 manns salsaband spelar til dans (etter konserten med *Admiral P*)
På Fitjar Kultur og Idrettsbygg:
Konsert med ***Hanne Sørvåg*** kl 20.30
***Raititai*** spelar til dans etter konserten

Sundag 11. august
Bodgata opnar kl 10
Gudsteneste på kaien kl 11
Guida turar i kulturløypene

### Museumsdag på Årskog museum

Årskog
Sundag 8. september kl 12-16
Aktivitetar for store og små. Arr. Fitjar kulturkontor og Sunnhordland Museum

### Sogekveld på Fitjar

Fitjar Kultur- og idrettsbygg
Torsdag 12. september kl 19
Soger og segner frå Fitjar, utdrag av *Håkonarspelet* og krigshistorie frå Osterneset festning. Musikk ved lokale artistar. Arr. Fitjar sogelag, Stiftinga Håkon den gode og Foreininga Osterneset festning, Fitjar kulturkontor og bibliotek

# Stord

Adm. senter: Leirvik
Fylke: Hordaland
Areal: 143,6 km2
Folketal 1.1.13: 18 161
www.stord.kommune.no









## Stord

Stord er einaste byen i Sunnhordland og senter for regionen. Her er knutepunkt for kommunikasjonane innan og til og frå Sunnhordland. Ved sida av landbrukstradisjonane har Stord utvikla seg til å bli Noregs største industrikommune med 5000 tilsette i offshorerelatert industri, skulesenter og eit breitt spekter av serviceverksemder. Kvar du enn er i kommunen har du stranda og høgfjellet innan kort avstand. Stord har eit rikt planteliv og variert berggrunn. Kristtorn som veks villig og fritt, er motiv i kommunevåpenet.

Sunnhordland museum brukar å ha open dag på hausten og byr publikum på mange haustaktivitetar som å lage sin egen barkebåt. Tidlegare har det vore både kunstutstillingar og jazzfestivalar.

*Vervadagane* i Sagvåg har vore med i Kystsogevekene sidan oppstarten, og det levande kystmiljøet i Sagvågen blomstrar framleis med kystlag, båtbyggjarar og andre kystrelaterte aktørar. Etter omfattande anleggsarbeid dei sist to åra er *Vervadagane* sterkt tilbake i år.

## Program

### I ljoset frå eld og ljore

Ådlandstova i Sunnhordlandstunet, Leirvik
Torsdag 29. august
*I ljoset frå eld og ljore* - den gamle årestova, bustad gjennom 1000 år er eit pro-gram med kulturarbeidar Ole Didrik Lærum, fylkeskvedar Reidun Horvei og fløytist Laila Kolve. Her får me høyra korleis dagleglivet utfalda seg; kva folk fortalde, spelte og song kring den opne elden. Framsyninga tek omlag ein time, og høver godt både for vaksne og born.

### Vervadagane

Sagvåg/Jensaneset
Fredag 30. august – sundag 1. september
Det blir Vervadagane i år! Meir informasjon kjem

### VervadaganeOpen dag i Sunnhordlandstunet

Leirvik/Sunnhordland Museum
Laurdag 7. september kl 11-15
Aktivitetar for store og små www.sunnhordland.museum.no

**www.kystsogevekene.no**

# Bømlo

Adm. senter: Svortland
Fylke: Hordaland
Areal: 246,3 km2
Folketal pr 1.1.13: 11 638
www.bomlo.kommune.no







Bømlo er Sunnhordland sitt ytste vern mot eit storhav i vest som gjev arbeid og kvile, sorg og glede til menneska som bur på dei 1000 øyane som kommunen er sett saman av. Folket har til alle tider vore knytt til sjøen. I dag er det skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og høgteknologiske verksemder knytt til det maritime miljøet som pregar næringslivet. Øyriket er eit eldorado for båtfolk og fritidsfiskarar, og for kulturinteresserte som søkjer opplevingar tufta på gamle og rike tradisjonar.
Kystsogevekene 2001 var opna offisielt på Moster i samband med urframføring av *Tora Mostrastrong*, det femte av *Håkonarspela* som Johannes Heggland skreiv i tilknyting til Håkon den gode. Tora var ei sterk og stolt kvinne og mor til Håkon. På Bømlo er det er eit levande og vitalt musikalmiljø i Bømloteateret, og *Mostraspelet, Kristkongane på Moster,* også skrive av Heggland, vert årvisst sett opp på Moster Amfi.
I løpet av Kystsogevekene er det aktivitet i den langstrakte øykommunen, frå Brandasund via *Kanaldagane* ved Kuleseidkanalen på Finnås, og utstilling på Moster Amfi.
I 2013 markerar kommunen sitt jubileum og det vil verte eit ekstra mangfald av aktivitetar gjennom heile året.

Reiseliv sjå www.visitsunnhordland.no

## Program

### Brandasunddagane

Laurdag 10. august kl 10-17 og 11. august kl 11 - 17
På den gamle Handelsplassen vert det arrangert *Brandasundsdagane* med torghandel, loppemarknad, auksjon, bevertning, trekkspillmusikk, kystkulturaktiviteter. Fabrikkloftet pub/kafé har ope frå kl 12 begge dagane. Arr. Johnsen landhandel, Øyvinds Treprodukter, Naustvika Ullverkstad

### Kystsogevekeutstilling - Lars Tveit

Moster Amfi
Laurdag 17. august kl 12
Frå tidleg på 90-talet har Lars Tveit hatt rettleiing av kunstpedagogen Magnar Moen. I ein periode hadde han også rettleiing av William Nicolaisen. Lars Tveit eksperimenterer med ulike fargar, og brukar mykje malarkniv til å påføra malinga med. Denne varierte flatebehandlinga gjer at oljemålinga sine kvalitetar og eigenskapar gjev bileta ei spanande kjensle av det ekte. Han meiner at maritime bygningsmiljø som gamle sjøhus har ein stolt og viktig historie som bør framhevast. Utstillinga står til 28. september. Arr: Moster Amfi A/S mosteramfi.no

### Kanaldagane 2013

Finnås/Kuleseidkanalen
30. august - 1. september
Kanaldagane vart starta i 2002 som ein del av Kystsogevekene - og eldsjeler i bygda slo seg saman

# Bømlo

## Program

for å laga ei maritim messe som skulle femna vidt i Sunnhordland. Målsetjinga er å fremja gammal og moderne kystkultur langs kysten vår. Området rundt Kulleseidkanalen blir eit marknadsområde med mange ulike utstillarar og alle slag god underhaldning. www.kanaldagane.no

Kanaldagane fredag 30. august
Finnås/Kuleseidkanalen
Kl 16 Messeområdet opnar
Kl 17.30 *Våge Skulemusikklag* spelar
Kl 18 Offisiell opning
Kl 18.30 *Føredrag* med Jørn Øyrehagen Sunde
Kl 20 ***Barnediskotek***

Kanaldagane laurdag 31. august
Kl 10 Messeområdet opnar
Kl 13 *Ray Speedy*, en Tryllekunstnar, Tullebukk og Ballongskulptør
Kl 15 Haugesund og Karmøy Swingklubb
Kl 16 *Bømlo Kormix* med allsong
Kl 18 Messeområdet stenger
Kl 21 ***Konsert med LidoLido***

Kanaldagane sundag 1. september
Kl 11.30 ***Friluftsgudsteneste***
Kl 12.15 Messeområdet opnar
Kl 13.30 Konsert med vokalgruppa ***Taus***
Kl 15 ***Silje og Reiulf***
Kl 16 Utdeling av Kanaldagspris
Kl 17 Messeområdet stenger

www.kystsogevekene.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Sveio

Fylke: Hordaland
Areal: 245,7 km2
Folketal pr 1.1.13: 5 400
www.sveio.kommune.no







## Sveio – midt i leio

Halvøya Sveio, lengst sør i Hordaland ligg sentralt ved seglingsleia langs kysten. Flòkavarden, seinare Ryvarden, har vore seglingsmerke i over 1100 år, og folket i Sveio har hatt sjøen både som matfat og arbeidsplass.
Sveio var vertskap for den offisielle opning av Kystsogevekene 2007, i Auklandshamn. *Sveio Kystlag* har gjennom åra gjort ei rekkje strandhogg ulike stader i kommunen, med påfølgande arrangement med tema. I Buavåg har også *Sveio Gullforening* hatt temadagar i ei årrekkje, og hjortegryta i Sjøbua er svært populær når den vert servert saman med ein flott kveldskonsert eller i sosialt lag. Fyrjazz på *Ryvarden Kulturfyr* har også vore fast innslag, og Fartein Valen vert hylla med ein festival som også har aktivitet kring Valenheimen i Sveio.
I år er det stemmerettsjubileet som er tema på Kystsogedagen i Buavåg. I tillegg vert det stor familiedag i Førde.

Reiseliv sjå www.visitsunnhordland.no

## Program

### Open dag på Ørevik Grendahus

Liereid
Sundag 25. august kl 13 - 16
Middagsservering, grilling, fiskesuppe, sal av heimelaga mat, utstillarar og aktivitetar for born.

### Vi skal ikkje sova bort sumarnatta

Sjøhuset i Buavåg
Laurdag 31. august kl 20
Konsert ved Linda Fosse, med utgongspunkt i Aslaug Låsta Lygre sin lyrikk. Rømmegraut med spekemat.
Pris 250 kr. Arr. Sveio Gullforening

### Kystsogedag i Buavåg – Tema: Stemmerettsjubileum

Sundag 1. september
Kl 11.30 Gudsteneste
Kl 12.45 Rusletur til Buaneset
Kl 14.30 ***Kåseri*** ved Sveio sin første kvinnelege ordførar, ***Jorunn Skåden***
Tema: Stemmerettsjubileet. Utstilling. Salsutstillingar: Solfrid Eggen; toving, keramikk, glassmykke. Inger Skogland; Diverse handarbeid. Hanne Ingebrigtsen; diverse handarbeid. Sal av hjortegryte, vaflar, lappar og kaffi. Sal av kunstkort med tema stemmerettsjubileet, laga av Brith Inger Dirdal Engan. Arr. Sveio gullforening

### Stor familiedag med konsert

Kaien i Førde
Sundag 8. september
Stor familiedag med konsert på Kaien i Førde. Sal av sjømat, diverse aktivitetar. Det blir maritime aktivitetar utover dagen med kapproing o.l. Sal av grilla kvalkjøt, lub-besild, men også pølser og karbonadar. Gode forhold for båtturistar. Veteranbåtar er spesielt velkomne. Open kafé med høve til kjøp av forfriskingar som is og brus. Arr: Felles kristen komité i Sveio og Sveio kystlag

### Kulturminnedagane

Det vil òg bli arrangement under Kulturminnedagane 8. - 15. september. Meir informasjon kjem seinare.

# Kvinnherad

Fylke: Hordaland
Administrasjonssenter : Rosendal
Flatemål: 1137 km2
Folketal pr 1.1.2013: 13 305
www.kvinnherad.kommune.no












Kvinnherad ligg midt i Hardangerfjorden, Noregs nest lengste fjord (179 km). Hardangerfjorden vert ofte kalla *Dronninga blant dei norske fjordane.* I den sørlege delen av kommunen finn ein det typiske vestnorske fjordlandskapet. Ein liten flik av kommunen ligg på vestsida av fjorden. Halsnøy er den mest folkerike øya i kommunen. Her finn du mellom anna Halsnøy kloster. I dag har øya fastlandsforbindelse via den undersjøiske Halsnøytunnelen.

Kvinnherad var ny i stormønstringa Kystsogevekene i 2012, men *Kystdagane på Sunde* har likevel lange tradisjonar, her finn du også *Sunde Kyst- og litteratursenter. Halsnøy kloster* skal i år feire sitt 850 årsjubileum for då jarlen Erling Skakke grunnla klosteret i samband med sonen Magnus Erlingsson sin kroning. Jubileet vert markert med program 1. september. I Kvinnherad er kjent for sine båtbyggartradisjonar, og i Rosendal held ein gjeng entusiastar på med å restaurerte *Hardangerjakta Gurine*, og dei hadde open båt på Kulturminnedagen i fjor.

## Program

**Museumdag på Bygdetunet Rød**
Uskedalen
Sundag 25. august kl 14 - 17
Museumsdag i bygdetunet. Postkortutstilling i Lemstova. Aktivitetar på tunet.

**I ljoset frå eld og ljore**
Omvikedalen, Nistovetunet
Laurdag 31. august
I ljoset frå eld og ljore - den gamle årestova, bustad gjennom 1000 år er eit pro-gram med kulturarbeidar Ole Didrik Lærum, fylkeskvedar Reidun Horvei og fløytist Laila Kolve. Her får me høyra korleis dagleglivet utfalda seg; kva folk fortalde, spelte og song kring den opne elden. Framsyninga tek omlag ein time, og høver godt både for vaksne og born.

**Halsnøy kloster 850 år**
Halsnøy kloster
Sundag 1. september
Med Sunnhordland kammerorkester, under leiing av Lars Erik ter Jung, songar Tore Kloster, og diktar Per Olav Kaldestad. Meir info kjem

**www.kystsogevekene.no**

# Museum og Galleri

*Her finn du oversikt over museum og galleri som har utstillingar i samband med Kystsogevekene. Her er kontaktinformasjon og nettadressar.*

### Fjell festning, Museum Vest
Festningsanlegget bygd av den tyske okkupasjonsmakta for å sikre innseglinga til Bergen. Fjell festning er freda som eit militært kulturminne, ope for publikum, ma med kanonbrønnen som fungerer som kafe/forsamlingslokale. Ope: Mai - august: laur og sun kl 11-16. Omvising vekedagar etter avtale fjell@museumvest.no www.museumvest.no

### Galleri Mjøsvågen, Hosanger på Osterøy
Open kafe, galleri, galleributikk, treskoverkstad, retro/redesign salsutstilling, Markakunstløype m.m. Arr Vener av Mjøsvågen gallerimjosvagen.no

### Gullgruvene ved Lykling, Bømlo
Gullgruvene var på siste del av 1800-talet sentrum for eit gullrush utan sidestykke i Noreg. Til saman vart det funne om lag 140 kilo reint gull her.

### Galleri Rustica, Meland
Galleri Rustica er ei over 100 år gamal grindløe som ligg på Holmeknappen på Holsnøy ved Herdlafjorden. I tillegg til galleriet (både amatør- og profesjonelle kunstnarar), arrangerer vi ulike kulturtilstellingar, som konsertar og føredrag/opplesingar, og møte og kurs for både skuler, barnehagar, lag og foreiningar.
Tlf 56 17 70 29 www.gallerirustica.no

### Havråtunet, Museumssenteret i Hordaland
Garden Havrå på Osterøy er freda som kulturmiljø, og er eit unikt minne om gardsdrift, byggjeskikk og arbeidsliv på dei mangbølte vestlandsgardane. Alle sundagar juni-sept kl 12-15. Omvising kl 12 og 13.30. I skulane si ferie tys og ons: kl 12-15. Omvising kl 12 og 13.30. Utanom opningstidene ope etter avtale. Det er ikkje lov å gå aleine i tunet www.muho.no

### Herdla Museum, Museum Vest
Herdla i Askøy. Guidet tur til Torpedobatteriet sun kl 13 og 15. Ope: 1. juni – 14. august alle dagar kl 12-17. 15. august - 31. oktober: sun kl 12-17. Elles etter avtale.
Tlf 56 14 51 50 herdla@museumvest.no
www.museumvest.no

### Holmestova og Sjøbua, Holmeknappen
Meland, Holmeknappen i juli og august, ope kvar sun kl 14 - 17 Under kystsogedagane: Laur kl 11 - 17. Sun kl 13 - 17. Andre tidspunkt, kontakt Meland kommune, tlf. 56 17 10 00 sentralen@meland.kommune.no eller www.meland.kommune.no

### Hordamuseet, Bymuseet i Bergen
Hordamuseet skildrar levevilkåra til folk som har budd i Nord- og Midhordland. Museet ligg idyllisk til inst i Fanafjorden, like nedanfor Stend jordbruksskule. I år opna Båthallen, som huser 26 klinkbygde opne trebåtar kvar med si historie. Ope: tys-fre 12-15, sun 12-16. Kafe og museumsbutikk. Utanom opningstida etter avtale. Tlf 55 11 29 00, hordamuseet@bymuseet.no Hordnesveien 24, 5344 Fana www.bymuseet.no

### Jåttseglarane frå Tysnes
Utstilling om jåttseglarane frå Tysnes, som i perioden 1900-1940 markerte seg sterkt i amerikansk seglsport. Mange tysnesingar fekk til og med oppleva å vinna Americas Cup. Utstillinga i Flytenaustet i Våge (turistinformasjonen). Ope midt juni - midt august, mån - fre 09-20, laur10-18 sun 10-20.

### Klostertunet på Halsnøy
Ruinane etter eit Augustinerkloster bygd kring 1300. Det har vore klosterdrift på staden heilt sida 1100-talet. Klosteret er ope for besøk tys, ons og tor, året rundt, med utvida opningstider i sommarsesongen.
www.sunnhordland.museum.no

### Kulleseidkanalen Bømlo
På kanalkanten i Finnås ligg Canalvogterboligen frå 1856 og Telegrafen frå 1857. Begge er i dag museum som viser det viktige og gigantiske arbeidet med Kanalen og den tids telegrafi og seinare telefonutvikling som betydde så mykje for fiskeria.

### Kvamsdals fargeri, Sandnes i Masfjorden
Utstillinga i Kvamsdals fargeri vitnar om 60 års industrihistorie. Det meste av inventaret i fargeriet er intakt og står slik det stod då det vart lagt ned i 1954. Ope sommar fre-sun 13-17

### Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, Nothuset på Sandnes
Tradisjonelle bruksbåtar og sjøbruksreiskapar frå heile kommunen. Nothuset på Sandnes er bygd kring 1880. Ope sommar fre - sun 13-17. Guida omvisingar, tlf 56 16 62 00 www.masfjorden.kommune.no

### Kystmuseet i Øygarden, Museum Vest
Museet presenterar livsvilkår og ressurshistorie i eit typisk kystområde gjennom 10 000 år, med særleg vekt på energiutnytting. Faste og skiftande utstillingar. Museumskafe. 2. mai – 31. august: mån – fre kl 11-16,

laur stengt, sun kl 12-17 Elles etter avtale. Oen 5337 Rong Tlf 56 38 50 50 kystmuseet@museumvest.no www.museumvest.no

**Lyngheisenteret, Museumssenteret i Hordaland**
Lyngheisenteret på Lygra i Nordhordland er oppretta for å ta vare på kysten sitt kulturlandskap og for å hegna om den kunnskapen og dei tradisjonane som knyt seg til bruken av dette landskapet. Opningstider Infobygget til 30. sept: ons -tors-fredag 11 -15.30 Sundag 12 -17. Grupper etter avtale. Tlf 56356410 post@lyngheisenteret.no www.lyngheisenteret.no

**Nordsjøfartmuseet, Museum Vest**
Utstillingar om Telavågtragedien, Nordsjøfarten og Shetlands-Larsen. I tillegg er det skiftande utstillingar. Opningstider sept – april: sun kl 12-17, mai -aug: mån - laur kl 11-16, sun kl 12-17. Elles etter avtale. "Virtuell vandring i Telavåg" Har du ein smarttelefon kan du laste ned ein app, og få ein guida tur i bygda som vart utsletta av nazistane våren 1942. Tlf 56 32 74 40 nordsjofartmuseet@museumvest.no www.museumvest.no

**Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret i Hordaland**
Bli med omvising i gamle Salhus Tricotagefabrik (1859-1989). Filmen der tidlegare arbeidarar fortel om korleis det var å jobba her. Museumsbutikk og enkel kafé. Ope sommar: tys - fre kl 11-16, sun kl 11-17. www.muho.no

**Osterøy museum, Museumssenteret i Hordaland**
Eit kulturhistorisk museum for Osterøy og dei næraste bygdene. Kafé. Ope tys - fre kl 10-15 i juli 10-17 Sun (juni - september): 12-17. Elles etter avtale. Skuleferieaktivitetar kvar ons i juli. Gjerstad 5282 Lonevåg Tlf 56 19 34 40 www.muho.no

**Radøy Kunst Senter**
RKS er ei stifting og eit senter for visning av samtidskunst i Nordhordland. Senteret samarbeidar med grunnskulane i regionen og viser også elevarbeid. Utstillingane og "kafeen" er open laur og sun 12-16. RKS tar imot besøk av skuleklasser og grupper utanom opningstida.  Haugland, 5937 Bøvågen Tlf. 56 37 00 06 radoy-kunstsenter.no

**Ryvarden Galleri og fyr**
Opningstider: Alle sun- og helgedagar kl 11-16. Mølstrevåg, 5559 Sveio, tlf 53748000 ryvarden@sveio.kommune.no  www.ryvarden.no

**Sellevåg Treskofabrikk**
Sellevåg i Gulen. Tradisjonsrikt i miljø for produksjon av tresko. Omvising etter avtale for einskildpersonar, grupper og lag. Kontakt Magne Sellevåg, tlf 57 78 36 59/909 82 235

**Stord Maritime Museum**
Trygve og Gunnar Oma, som begge arbeidde ved Oma båtbyggeri, tok initiativet til ei motorsamling som no står utstilt i Hamnebygget på Leirvik Brygge på Stord. I tillegg syner museet ei utstilling utviklinga av Leirvik hamn og industrien i området. Museet er ope kvar tys heile året, med utvida opningstider i sommarsesongen. www.sunnhordland.museum.no

**Sunnhordland Museum**
Minne og forteljingar frå Sunnhordland si fortid. Møt miljø og gjenstandar du mest hadde gløymt, minne frå forhistorisk tid, klosterruinar frå mellomalderen, eller minne frå nyare kystkultur og industrisoge. Avdelingar ma. Sunnhordlandstunet på Leirvik og Stord maritime museum. Stord Maritime Museum på Leirvik Brygge har utstillingar og aktivitetar for små og store. Museumsbakken, 5417 Stord. Tlf 53 41 38 99 sunnhordland.museum.no

**Tusenårsstaden Gulatinget**
Tingstaden er open for publikum heile året. Det er omvising for grupper på Tusenårsstaden og i Eivindvik etter avtale. Tlf 57782006  gulatinget@gulen.kommune.no www.gulatinget.no

**Vestnorsk Utvandringssenter**
Stad: Mellingen, Sletta på Radøy. Emigrasjonshistoria, som sette slikt preg på landet vårt, kan opplevast gjennom film, forteljing, dokumentasjon og vandring i eit tilnærma autentisk miljø med dei mest karakteristiske og sentrale bygningane frå småsamfunna som vart etablert. Ope 19.5.-16.6.: laur - sun 12-15, 18.6.-18.8: tys - fre 12-17 og lau- sun 12-15, mån stengt. 24.8-25.8.: laur -  sun 12-15. Elles etter avtale. vestnorsk.utvandringssenter@muho.no www.muho.no

**Vedholmen Galleri**
Med utsikt til isbreen " Folgefonnen" i Hardanger, og Strøno/Lepsøy ved innseilingen til Bjørnefjorden, rett ved bryggenkanten, ligger Vedholmen Galleri, Røttingavegen 23, 5216 Lepsøy. Tlf 97138119. www.vedholmen-galleri.com

**www.kystsogevekene.no**

**Det geografiske området for kystsogevekene er 22 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.**

## Kommuneoversikt Kystsogevekene




- Askøy
- Austevoll
- Austrheim
- Bergen
- Bømlo
- Fedje
- Fitjar
- Fjell
- Fusa
- Gulen
- Kvinnherad
- Lindås
- Masfjorden
- Meland
- Os
- Osterøy
- Radøy
- Stord
- Sund
- Sveio
- Tysnes
- Øygarden

Kystsogevekene er allsidig som det skiftande veret på Vestlandet. Folk i 22 kommunar byr stolt fram kystkulturen fram i ny og gamal form. På over 200 ulike arrangement yrar det av glade og nøgde menneske i alle aldrar, i alt slags ver, i all slags lokale og arenaer.
Kystsogevekene vert i år arrangert for 16. gang, og målet er å fremme kystkultur. Bak dei ulike kulturelle tiltaka står ei stor mengd lokale eldsjeler som ønskjer å formidle sin eigenart og sine tradisjonar. Her kan ein oppleve båtturar, aktivitetar, konsertar, festivalar, føredrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar. Kvart einskild kulturarrangement er sjølvstendig, samstundes som det inngår under paraplyen Kystsogevekene.
Stiftinga Kystsogevekene samordnar Kystsogevekene som finn stad kvart år i august og september. Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen, og Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune er Stiftinga Kystsogevekene sin viktigaste økonomiske støttespelar.

**For meir informasjon og avtaler kontakt:**
Stiftinga Kystsogevekene,
postboks 7900,
5020 BERGEN
Tlf 55 23 91 73
E-post:
kystsogevekene
@hfk.no

**www.kystsogevekene.no**

GRIEG FOUNDATION

BKK

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

www.kystsogevekene.no

**Du finn oss på Facebook**